



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 61

(2006–2007)

Om endringer i skatte- og
avgiftslovgivinga mv.

Innhald

Innleiing	7					
1 Reorganisering av skatteetaten – lovendringar	9					
1.1 Innleiing	9			2.3.3	Måten skattelistinge blei offentleggjort på.....	18
1.2 Skattebetalingslova	9			2.3.3.1	Innleiing	18
1.2.1 Endringar i skattebetalingslova av 1952.....	10			2.3.3.2	Likningskontoret	18
1.2.2 Endringar i den nye skattebetalingslova	11			2.3.3.3	Masseutlevering.....	18
1.3 Skattelova.....	11			2.3.4	Bruken av opplysningar som er utleverte	19
1.4 Folketrygdlova	12			2.3.4.1	Innleiing	19
1.5 Eigedomsskattelova.....	12			2.3.4.2	Trykking og sal av skatteaviser	19
1.6 Artistiskattelova.....	12			2.3.4.3	Bruken av opplysningar frå skattelistinge i marknadsføringsverksemd	19
1.7 Petroleumsskattelova	13			2.3.4.4	Bruk av skattelisteopplysningar i journalistisk verksemd	19
1.8 Arveavgiftslova	14			2.4	Bakgrunn	20
1.9 Særavgiftslova	14			2.5	Vurderingar og forslag frå departementet	20
1.10 Lov om kompensasjon av meirverdiavgift	14			2.5.1	Masseutlevering av skattelister.....	20
1.11 Konkurslova.....	14			2.5.2	Kva for opplysningar bør vere offentlege	21
1.12 Bokføringslova	14			2.5.3	Utlegging på likningskontora og publiseringa på skatteetatens heimesider på Internett.....	22
1.13 Lov om offentlege anskaffingar	15			2.5.4	Økonomiske og administrative konsekvensar	22
1.14 Bidragsinnkrevingslova.....	15			2.5.5	Når endringane tek til å gjelde	22
1.15 Namnelova	15			3	Endring av tollova § 39	23
1.16 Ekteskapslova.....	15			3.1	Innleiing	23
1.17 Barnelova	15			3.2	Bakgrunn - gjeldande rett	23
1.18 Utlendingslova.....	16			3.3	Høyring	24
1.19 Helsepersonellova.....	16			3.4	Vurderingar og forslag frå departementet	24
2 Endringar i reglane om offentliggjeriing av skattelistinge	17			3.4.1	Generelt om forslaget.....	24
2.1 Innleiing og samandrag.....	17			3.4.2	Merknader til dei einssilde paragrafane.....	25
2.2 Gjeldande rett.....	17			3.5	Økonomiske og administrative konsekvensar	26
2.2.1 Utgangspunkt.....	17			3.6	Ikraftsetjing	26
2.2.2 Omfanget av opplysningar som er offentlege	17			4	Endringar i artistiskattelova	27
2.2.3 Måten dei offentlege opplysningane gjerast kjende på	17			5	Pantsetting og overdraging av krav på utbetaling etter petroleumsskattelova § 3 c femte ledd – stillinga til panthavar under ei konkursbehandling	29
2.2.3.1 Innleiing	17			5.1	Innleiing	29
2.2.3.2 Utlegging på likningskontora	17			5.2	Gjeldande rett.....	29
2.2.3.3 Offentleggjering på Internett	17					
2.2.3.4 Utlevering av opplysningar etter at trevekersperioden er omme	18					
2.2.3.5 Bruk av opplysningane frå skattelistinge	18					
2.3 Rettstilstanden før lovendringa i 2004	18					
2.3.1 Utgangspunkt.....	18					
2.3.2 Omfanget av opplysningar som var offentlege.....	18					

5.3	Departementet sine vurderingar og forslag.....	29	8.8.5	Når endringane tek til å gjelde	37
5.4	Framlegg frå enkeltsselskap om utviding av høvet til pantsetting mv. .	29	Forslag til lov om endring i lov		
5.5	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	30	19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter		
5.6	Når endringane tek til å gjelde	30	Forslag til lov om endringar i lov		
6	Endringar i		21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt		
	meirverdiavgiftslovgevinga	31	Forslag til lov om endringar i lov		
6.1	Striptease og meirverdiavgift.....	31	10. juni 1966 nr. 5 om toll (tolloven)		
6.1.1	Innleiing	31	Forslag til lov om endringar i lov		
6.1.2	Gjeldande rett.....	31	19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift..		
6.1.3	Departementet sine vurderingar og forslag	31	Forslag til lov om endringar i lov		
6.1.4	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	32	6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane		
6.1.5	Når endringane tek til å gjelde	32	Forslag til lov om endringar i lov		
6.2	Meirverdiavgiftslova § 28 fjerde ledd - praksis knytt til sletting i meirverdiavgiftsmanntalet ved heving av registreringsgrensa.....	32	13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.		
6.3	Utsetjing av oppgave- og betalingsfristen for tredje termin meirverdiavgift	32	Forslag til lov om endringar i lov		
6.4	Arbeid med endring av reglane om frådrag for inngåande meirverdiavgift	33	13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven).....		
7	Endring i lov 12. desember 2003 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.	34	Forslag til lov om endringar i lov		
8	Oppretting av lovtekst.....	35	8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova).....		
8.1	Skattelova § 5-15 første ledd bokstav e nr. 2	35	Forslag til lov om endring i lov		
8.2	Skattelova § 14-72 første ledd tredje punktum.....	35	8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven).....		
8.3	Skattelova § 2-30 første ledd bokstav m.....	35	Forslag til lov om endring i lov		
8.4	Skattelova § 6-32 første ledd	36	24. juni 1988 nr. 64 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven).....		
8.5	Skattelova § 5-40 fjerde ledd	36	Forslag til lov om endringar i lov		
8.6	Skattelova § 2-1 åttande ledd.....	36	4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap.....		
8.7	Skattebetalingslova § 21 og § 27 nr. 4	36	Forslag til lov om endring i lov		
8.8	Skattebetalingslova § 11 nr. 4 – utviding i reglane om kva for foretak som kan stille garanti for arbeidsgjevar sitt trekkansvar	36	26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven).....		
8.8.1	Innleiing	36	Forslag til lov om endringar i lov		
8.8.2	Gjeldande rett.....	37	13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister m.v.....		
8.8.3	Departementet sine vurderingar og forslag	37	Forslag til lov om endringar i lov		
8.8.4	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	37	28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)		

Forslag til lov om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven).....	51	Forslag til lov om endring i lov 29. april 2005 nr. 20 om innkreving av underholdsbidrag mv. (bidragsinnkrevingsloven).....	55
Forslag til lov om endringer i lov 2. juli 1999 nr. 64 om helse- personell m.v. (helsepersonelloven).....	52	Forslag til lov om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven).....	56
Forslag til lov om endring i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser.....	53	Forslag til lov om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 90 om meklings og rettergang i sivile tvister (tvisteloven).....	57
Forslag til lov om endringer i lov 7. juni 2002 nr. 19 om personnavn (navneloven).....	53	Forslag til lov om endring i lov 15. desember 2006 nr. 72 om endringer i lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver.....	57
Forslag til lov om endringer i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner m.v.....	54	Forslag til lov om endring i lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav.....	58
Forslag til lov om endring i lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring (bokføringsloven).....	55		



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 61

(2006–2007)

Om endringer i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

*Tilråding frå Finansdepartementet av 15. mai 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

Innleiing

Finansdepartementet legg med dette fram forslag til:

- lov om endring i lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter
- lov om endringer i lov 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt
- lov om endringer i lov 10. juni 1966 nr. 5 om toll (tolloven)
- lov om endringer i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift
- lov om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane
- lov om endringer i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumforekomster m.v.
- lov om endringer i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)
- lov om endringer i lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova)
- lov om endring i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven)
- lov om endring i lov 24. juni 1988 nr. 64 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven)
- lov om endring i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap
- lov om endring i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdsloven)
- lov om endringer i lov 13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister m.v.
- lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringer i lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven)
- lov om endring i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser
- lov om endringer i lov 7. juni 2002 nr. 19 om personnavn (navneloven)
- lov om endringer i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner m.v.
- lov om endring i lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring (bokføringsloven)
- lov om endring i lov 29. april 2005 nr. 20 om innkreving av underholdsbidrag m.v. (bidragsinnkrevingsloven)
- lov om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)
- lov om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven)
- lov om endring i lov 15. desember 2006 nr. 72 om endringer i lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver

- lov om endring i lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav

I proposisjonen inngår:

- Forslag til lovendringer som følge av reorganiseringa av skatteetaten (ROS)
- Forslag om at pressa kan få tilgang til fullstendige skattelister, og at postnummer blir teken inn i skattelistene. Det blir òg føreslått at skattemessige opplysningar om personar utan fast bustad og opplysningar om personar i tilfelle der opplysningane kan røpe eit klientforhold
- Forslag om at tollmyndigheitene skal kunne varsle innehavaren av immaterielle rettar dersom det ligg føre grunngeven mistanke om at varer under innførsel eller utførsel krenkjer rettane deira, og rett for tollmyndigheitene i slike høve til å halde varene attende i inntil fem dagar
- Forslag om at artist som blir skattemessig busett i Noreg blir skattlagd etter dei alminnelege reglane om skattlegging av avgrensa skattepliktige for inntektsåret før det året vedkommande blei skattemessig busett i Noreg
- Forslag om å tryggje stillinga til den som har pant i krav på utbetaling etter petroleumsskattelova under ei konkursbehandling
- Forslag om at det skal betalast meirverdiavgift for tenester i form av rett til å sjå striptease, og ved formidling av slike tenester
- Forslag om presisering av kva for beløpsgrense som skal leggjast til grunn ved sletting av næringsdrivande i meirverdiavgiftsmanntalet
- Forslag om at tredje termin meirverdiavgift utsetjast frå 20. august til 31. august
- Omtale av arbeidet med endring av reglane om frådrag for inngåande meirverdiavgift
- Forslag om at fristen for innlevering av kompensasjonsoppgåve for tredje periode blir forlenga til 20. august
- Forslag om oppretting av lovtekst

1 Reorganisering av skatteetaten – lovendringer

1.1 Innleiing

Regjeringa slutta seg i St.prp. nr. 1 (2006-2007) for Finansdepartementet til hovudtrekka i Skattedirektoratet sitt forslag om å reorganisere skatteetaten.

Skatteetaten skal organiserast i to nivå: Skattedirektoratet og eit regionalt nivå. Det regionale nivået skal organiserast slik at kvar region omfattar fleire fylke. Kvar region får eit organ, skattekontoret, som erstattar noverande likningskontor, fylkesskattekontor, skattefutkontor og folkeregister i regionen. Skattekontoret i kvar region skal utgjere ei formell forvaltningseining, men vil bestå av mange kontorstader innan regionen. Kvar slik kontorstad skal ha ei førstelinjeteneste som skal kunne behandle alle typar førespurnader, klager, søknadar med meir på alle skatteetaten sine område, noko som inneber at publikum skal kunne venda seg til eitkvart skattekontor. Skattekontoret skal primært behandle saker frå eigen region, men Skattedirektoratet skal ha myndigheit til å fordele oppgåver mellom skattekontora. Den nye organiseringa av skatteetaten er nærare forklart i St.prp. nr. 1 (2006-2007) for Finansdepartementet kapittel 2.5 og Ot.prp. nr. 1 (2006-2007) kapittel 3.

Reorganiseringa av skatteetaten krev ei rekkje lovendringer. Alle føresegner der det blir vist til «likningskontor», «fylkesskattekontor» og «skattefogdkontor» må endrast. Myndigheit som blir gitt i dei aktuelle forvaltningslovane skal leggjast til «*skattekontoret*» som formell eining. Føresegner som gir myndigheit som er stadbunden må endrast som følge av at Skattedirektoratet skal fordele myndigheit til skattekontora.

Samtidig med lovendringane som følge av reorganiseringa av skatteetaten er det gjort endringar i folkeregisterlova av meir teknisk og omgrepsmessig karakter. Tilsvarende endringar må gjerast i andre lover som har føresegner som bruker «folkeregister» som nemning på folkeregistermyndigheita.

Første del av lovendringane blei fremma i Ot.prp. nr. 1 (2006-2007) og vedteke av Stortinget hausten 2006. Det blei da gjort endringar i arveavgiftslova, folkeregisterlova, likningslova, lov om

meirverdiavgift og den nye skattebetalingslova. Her blei det også varsla at reorganiseringa gjer det nødvendig med enkelte endringar i folketrygdlova, skattelova og ei rekkje andre lover og at departementet vil fremje desse endringsforslaga seinare. Det er desse endringane som no blir foreslått. Det blir også foreslått endringar i den no gjeldande skattebetalingslova.

Ikrafttreding og overgangsføresegner

Departementet foreslår at Kongen får fullmakt til å bestemme når lovendringane skal tre i kraft, og at endringane kan tre i kraft på ulike tidspunkt. Ein foreslår at departementet får heimel til å gi overgangsføresegner.

1.2 Skattebetalingslova

Betaling og innkrevjing av skattar og avgifter er i dag regulert i lov 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt (skattebetalingsloven). Ny skattebetalingslov blei vedteke ved lov 17. juni 2005 nr. 67. Når lova trer i kraft vil ho erstatte den gjeldande lova. For den nye skattebetalingslova blei dei nødvendige tilpassingane som følgje av reorganiseringa av skatteetaten vedteke ved lov 15. desember 2006 nr. 85. For nærare omtale av endringane sjå Ot.prp. nr. 1 (2006-2007) kapittel 3 «omorganisering av skatteetaten – lovendringer». Det ligg an til at den nye skattebetalingslova, for skattekrava og avgiftar til folketrygda sin del, ikkje trer i kraft 1. januar 2008, som er da reorganiseringa skal setjast i verk. Det er derfor nødvendig å vedta tilpassingar også i skattebetalingslova frå 1952. Hovudårsaka til endringane er at einingane likningskontor, fylkesskattekontor, skattefutkontor og sentralskattekontor blir erstatta med skattekontor.

Inntil den nye skattebetalingslova trer i kraft, er prosessordninga regulert i § 48 i den gjeldande skattebetalingslova. Departementet vil seinare komme med forslag til endringar i desse reglane som følgje av reorganiseringa.

1.2.1 Endringer i skattebetalingslova av 1952

Staden for forskottsutskrivninga m.m.

Skattebetalingslova § 8 nr. 1 og § 18 nr. 1 regulerer staden for forskottsutskrivninga for personlege skattytarar. Utskrivinga av skatt er som utgangspunkt knytt til likningskontoret for den kommunen som skattytaren er skatteskyldig til etter skattelova kapittel 3. Etter reorganiseringa skal skattekontoret stå for forskottsutskrivninga. Dei enkelte skattekontora skal i første rekkje behandle saker frå sin eigen region, men kan også få myndigheit til å behandle saker for andre regionar.

Departementet foreslår derfor å endre § 8 nr. 1 første ledd og § 18 nr. 1 til at skattekontoret står for utskrivninga av forskottsskatt. Av same grunn må tilvisinga til «ligningssjefen for den kommune hvor arbeidsgiveren hører hjemme eller har sitt kontor (hovedkontor)» i § 8 nr. 1 tredje ledd, endrast til «*skattekontoret*». Departementet foreslår også å oppheve føresegna i § 8 nr. 4 andre punktum og § 18 nr. 4 andre punktum om at Skattedirektoratet kan bestemme at utskrivninga skal gjerast av ein annan likningssjef enn det som følger av paragrafen.

Ein viser til forslaga til endringer i § 8 nr. 1 første og tredje ledd og nr. 4 og § 18 nr. 1 og nr. 4.

Det følger av skattebetalingslova § 10 nr. 1 tredje ledd at når den skatteskyldige tek imot naturalytingar, skal arbeidsgivaren gjennomføre forskottstrekk så langt dei kontante ytingane rekk. Er det ikkje dekning for det samla berekna trekket i dei kontante ytingane, har arbeidsgivaren plikt til straks å melde frå om forholdet til likningssjefen for den skatteskyldige sin kommune. Som følgje av reorganiseringa foreslår departementet at arbeidsgivaren skal ha plikt til å melde frå om forholdet til skattekontoret. Ein viser til forslaget til endring i § 10 nr. 1 tredje ledd andre punktum.

Etter skattebetalingslova § 27 nr. 10 første ledd tredje punktum skal meldingar om førehandsskatt til dei skattskyldige som ikkje høyrer heime i kommunen, alltid sendast i rekommandert brev. Etter reorganiseringa skal skattekontoret stå for utskrivninga av skatt, og utskrivninga er ikkje lenger knytt til eit likningskontor for ein kommune. Departementet foreslår derfor at § 27 nr. 10 første ledd tredje punktum blir oppheva. Ein viser til forslaget til endring i § 27 nr. 10 første ledd.

Skattytarar som ikkje har varig tilknytning til riket og sjømenn busett i utlandet

Etter reorganiseringa av skatteetaten vil Sentralskattekontoret for utenlandssaker bli ei kontorei-

ning under skattekontoret i den regionen der kontoret ligg, og blir dermed ein del av vedkommande skattekontor. Omgrepet «Sentralskattekontoret for utenlandssaker» i § 11 nr. 3 andre punktum og tilvisinga i §§ 36 andre ledd og 48 nr. 1 andre punktum til krav fastsett «ved sentral ligning etter ligningsloven § 2-4 nr. 1 bokstav a» må derfor endrast.

Departementet foreslår at tilvisinga i § 48 nr. 1 andre punktum blir endra til skattytarar som ikkje har varig tilknytning til riket og sjømenn busett i utlandet.

Etter likningslova § 2-4 nr. 4 kan departementet i dag gi forskrift om kven som ikkje har varig tilknytning til riket. Slike reglar er gitt i forskrift 3. april 1998 nr. 325 § 1. Som følgje av endringer i likningslova § 2-4 fell denne forskrifta bort. Det er eit behov for å vidareføre avgrensinga i forskrifta av kven som ikkje har varig tilknytning til riket, med verknad for innkrevjinga. Departementet foreslår derfor å gi ein tilsvarande forskriftsheimel i skattebetalingslova § 48 nr. 1 nytt tredje punktum.

Departementet foreslår også at tilvisinga i §§ 11 nr. 3 andre punktum og 36 andre ledd blir endra til ei tilvisning til § 48 nr. 1 andre og tredje punktum.

Ein viser til forslaga til endringer i § 11 nr. 3 andre punktum, § 36 andre ledd og § 48 nr. 1 andre punktum samt nytt tredje punktum i § 48 nr. 1.

Andre tilpassingar

Som følgje av reorganiseringa må tilvisingane til likningssjef/likningskontor, fylkesskattesjef og skattefut endrast til «*skattekontor*».

Departementet foreslår at tilvisningane til «likningssjefen» blir endra til «*skattekontoret*» i § 8 nr. 1 andre ledd første punktum, nr. 2 første punktum, nr. 3 første og andre punktum og nr. 4 første punktum, § 11 nr. 2, § 18 nr. 2 første punktum, nr. 3 og nr. 4 første punktum, § 27 nr. 2 første ledd og nr. 3 første ledd og andre ledd første og andre punktum, § 39 nr. 2 andre punktum, § 42 nr. 1 andre punktum, § 46 nr. 1 første punktum og nr. 2 og § 56 nr. 1 andre punktum. Det er samtidig nødvendig med nokre språklege tilpassingar i enkelte av føresegnene.

I § 15 foreslår departementet at «fylkesskattesjefen» blir endra til «*skattekontoret*».

I § 47 nr. 1 tredje punktum, § 47 a nr. 4 og § 47 c nr. 1 foreslår departementet at «skattefogden» blir endra til «*skattekontoret*».

I skattebetalingslova § 56 nr. 1 tredje punktum foreslår departementet at nemninga «*skattekontoret*» erstattar tilvisinga til likningskontoret og folkeregisteret. Ein viser til forslaget til endringer i 56 nr. 1 tredje punktum.

1.2.2 Endringar i den nye skattebetalingslova

I punkt 1.2.1 foreslår departementet endringar i den nojeldande skattebetalingslova § 10 nr. 1 tredje ledd andre punktum og § 11 nr. 3 andre punktum. Departementet foreslår også eit nytt tredje punktum i § 48 nr. 1 for å vidareføre ein forskriftsheimel frå likningslova § 2-4 nr. 4. Ved eit mistak blei ikkje dei tilsvarande føresegnene i den nye skattebetalingslova endra da tilpassingane som følgje av reorganiseringa blei vedteke ved lov 15. desember 2006 nr. 85.

Departementet foreslår derfor å ta inn ein heimel i § 2-3 første ledd nytt andre punktum om at departementet kan gi forskrift om kven som ikkje har varig tilknytning til riket. Departementet foreslår vidare at formuleringa «Er skattekort utstedt av Sentralskattekontoret for utenlandssaker» i § 5-5 sjette ledd andre punktum blir endra til «*Er skattekort utstedt for skattyter som omfattes av § 2-3 første ledd første eller annet punktum*».

Departementet foreslår også at tilvisinga i § 5-10 tredje ledd andre punktum til «ligningskontoret for den kommunen hvor skattekortet er utskrevet» blir endra til «*skattekontoret*».

Ein viser til forslaga til endringar i § 5-5 sjette ledd andre punktum og § 5-10 tredje ledd andre punktum og forslaget til endring i lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav § 2-3 første ledd.

1.3 Skattelova

Etter lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) § 3-2 andre punktum skal kontorkommunen fastsetje skattepliktig formue og inntekt for upersonlege skattytarar, med dei unntak og presiseringar som følgjer av likningslova § 8-6. Etter ny § 8-6 i likningslova skal det skattekontoret som departementet bestemmer gjennomføre likninga. Departementet foreslår derfor at skattelova § 3-2 andre punktum blir oppheva. Av same grunn foreslår departementet å oppheve skattelova § 3-4 femte ledd siste punktum. Føresegna regulerar i kva kommune skattepliktig formue i og inntekt frå selskap og innretning som ikkje høyrer heime i riket og som regelmessig driv berging med samanhengande verksemd på norsk territorium, skal fastsettast. Ein viser til forslag til oppheving av skattelova § 3-2 andre punktum og § 3-4 femte ledd siste punktum.

Med heimel i skattelova § 4-12 fjerde ledd bokstav d kan departementet gi forskrift om samord-

ning av verdsetjinga av ikkje-børsnoterte aksjar i utanlandske selskap mellom forskjellige likningskontor og skattefuktontor. Som følgje av reorganiseringa må «ligningskontorer og skattefogdkontorer» endrast til «*skattekontor*». Ein viser til forslag til endring av § 4-12 fjerde ledd bokstav d.

Etter skattelova § 8-17 andre ledd siste punktum kan likningsmyndigheitene krevje at det blir stilt tilfredsstillande garanti for skatteplikta når selskap trer ut av den særskilte skatteordninga for skipsaksjeselskap og skipsallmennaksjeselskap. Omfang og varigheit av garantien blir fastsett av Sentralskattekontoret for storbedrifter, jf. § 8-17 andre ledd siste punktum. Departementet foreslår at dette blir endra slik at garantien blir fastsett av «*skattekontoret*». Ein viser til forslag til endring av skattelova § 8-17 andre ledd siste punktum.

I skattelova § 10-13 første ledd andre punktum heiter det at skatteberekninga skal skje under eitt «i den kommunen der selskapet har sitt kontor eller styret har sitt sete, eventuelt ved Sentralskattekontoret for storbedrifter dersom selskapet lignes der». Etter reorganiseringa av skatteetaten vil Sentralskattekontoret for storbedrifter bli ei kontoreining under skattekontoret. Departementet foreslår at føresegna blir endra slik at berekning av utbytte til utanlandske aksjonærar skal skje ved det skattekontoret departementet bestemmer. Ein viser til forslag til endring av skattelova § 10-13 første ledd andre punktum.

Skattelova § 10-34 andre ledd første punktum har føresegner om at aksjeselskap skal sende melding om omfordeling av kostpris på aksjar og unytta skjerming etter første ledd til likningskontoret for kontorkommunen til selskapet, medan tredje punktum seier at selskap som er vedtekne overførde til sentral likning skal sende slik melding til Sentralskattekontoret for storbedrifter. Etter reorganiseringa av skatteetaten vil Sentralskattekontoret for storbedrifter bli ei kontoreining under skattekontoret i den regionen der kontoret ligg, og det vil ikkje lenger vere krav om at oppgaver med vidare skal sendast ei særskilt eining i skatteetaten. Ein foreslår derfor at § 10-34 andre ledd første punktum blir endra i samsvar med dette og at tredje punktum blir oppheva som overflødig. Ein viser til forslag om endring av § 10-34 andre ledd.

Elles inneheld skattelova ein del føresegner som viser til «likningskontor» eller «fylkesskattekontor». Desse tilvisningane må som følgje av reorganiseringa endrast til «*skattekontor*». Ein viser til forslag til endring av § 6-50 tredje ledd, § 8-3 tredje ledd andre punktum og § 8-17 tredje ledd tredje punktum.

1.4 Folketrygdlova

Lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven) § 24-1 har reglar om skatteetaten sine oppgåver ved fastsetjing av pensjonsgjevande inntekt, trygdeavgift og pensjonspoeng. Føresegna legg oppgåvene til bestemte einingar innan skatteetaten. Etter reorganiseringa skal skatteetaten sine oppgåver ikkje lenger vere stadbundne, og departementet foreslår derfor å endre folketrygdlova § 24-1 første, tredje og fjerde ledd.

For et medlem som etter skattelova er busett i Noreg, skal den pensjonsgjevande inntekta, trygdeavgifta og pensjonspoenga fastsetjast av det skattekontoret som fastset skatten for vedkommande inntektsår, jf. forslaget til § 24-1 første ledd. Når det gjeld skattytarane som er omfatta av § 24-1 tredje og fjerde ledd, foreslår ein at den pensjonsgjevande inntekta, trygdeavgifta og pensjonspoenga skal fastsetjast av det skattekontoret som departementet bestemmer.

Forslaget til § 24-1 fjerde ledd første punktum gjeld «inntekt som er skattepliktig etter skattelovens § 2-3, petroleumsskatteloven eller artistskatteloven». Tilvisinga til skattelova § 2-3 er ei utviding i høve til gjeldane rett. I noverande fjerde ledd første punktum blir ein person som ikkje er busett, men avgrensa skattepliktig, omtala som «skattyter som blir lignet sentralt etter ligningsloven § 2-4». Skattepliktige etter skattelova § 2-3 omfattar ikkje berre personar som i dag blir likna sentralt, men også avgrensa skattepliktige som blir likna lokalt fordi dei har varig tilknytning til riket. Elles er skattytarane som er omfatta av forslaget til § 24-1 ei vidareføring av gjeldande rett.

Ein viser til forslag til endring av folketrygdlova § 24-1 første, tredje og fjerde ledd.

I folketrygdlova § 24-4 andre ledd er det ei tilvising til «ligningssjefen» som må endrast til «*skattekontoret*». Ein viser til forslag til endring av folketrygdlova § 24-4 andre ledd.

1.5 Eigedomsskattelova

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane § 8 tredje ledd står det at når det er klaga til «høgre likningsinstans» på verdsetjinga, skal eigedomsskatten likevel reknast ut etter det verdet som blei sett ved likninga. I samband med reorganiseringa av skatteetaten er likningslova § 9-2 nr. 1 bokstav a endra slik at skattytarane kan klage til skattekontoret (mot i dag likningsnemnda), over likning etter kapittel 8. Etter likningslova § 8-11 skal likningsmyndighetene, dvs. skattekontoret,

fastsetje verdi av eigedommar også når verdsetjinga ikkje har anna føremål enn eigedomsskatt. Likningslova § 9-4 slår fast at klagereglane i § 9-2 også gjeld verdsetjing etter likningslova § 8-11. Departementet foreslår å oppheve tilvisinga til «høgre likningsinstans» i eigedomsskattelova § 8 tredje ledd, slik at føresegna også omfattar klage til skattekontoret.

Etter eigedomsskattelova § 18 skal likningskontoret gi eigedomsskattekontoret alle opplysningar det ligg inne med og som trengst til utskriving av eigedomsskatten. Ein foreslår at «likningskontoret» blir endra til «*skattekontoret*». Dette er ei viss utviding i høve til gjeldande rett ved at skattekontoret vil sitte inne med fleire opplysningar enn det likningskontoret gjer i dag. Etter departementet si vurdering vil dette bety lite i praksis, fordi det i første rekkje er likningsopplysningar som trengst til utskriving av eigedomsskatten.

Ein viser til forslag til endring av eigedomsskattelova § 8 tredje ledd og § 18. Desse føresegnene er berre i kraft med verknad for anlegg for produksjon av elektrisk kraft.

Når ein eigedom er leid bort og leigaren skal svara eigedomsskatten, har eigedomsskattelova i § 19 tredje ledd ei føresegn om at leigaren kan klage over den verdien som ligg til grunn for eigedomsskatten. Klagen skal setjast fram for likningsnemnda i den kommunen eigdommen ligg. Som følgje av reorganiseringa av skatteetaten vil det ikkje lenger vere krav om at oppgåver m.m. skal sendast ei særskild eining innan skatteetaten, og det skal heller ikkje lenger vere ei likningsnemnd for kvar kommune. Departementet foreslår derfor at § 19 tredje ledd andre punktum blir endra i samsvar med dette, slik at klaga skal rettast til skattekontoret. Eigedomsskattelova § 19 har ikkje tredd i kraft, men departementet meiner det likevel er hensiktsmessig å endre ordlyden slik at omgrepa i føresegna stemmer også etter reorganiseringa av skatteetaten. Ein viser til forslag til endring av eigedomsskattelova § 19 tredje ledd andre punktum.

1.6 Artistskattelova

I lov 13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister m.v. § 8 første ledd heiter det: «Sentralskattekontoret for utenlandssaker med ligningsnemnder er skattemyndighet etter denne lov.» Etter reorganiseringa av skatteetaten vil Sentralskattekontoret for utenlandssaker bli ei kontoreining under regionleiaren i den regionen der kontoret ligg. Det blir dermed ein del av ved-

kommande skattekontor, jf. Ot.prp. nr. 1 (2006-2007) side 18-19.

Når det gjeld klagenemnda, heiter det i Ot.prp. nr. 1 (2006-2007) på side 20: «Departementet legger til grunn at det etter omorganiseringen skal være en særskilt skatteklagenemnd knyttet til hver av de to kontorene som skal behandle de skattytergrupper som i dag behandles ved henholdsvis Sentralskattekontoret for utenlandssaker og Sentralskattekontoret for storbedrifter, og at disse nemndene skal oppnevnes av departementet». I ny likningslov § 2-2 nr. 2 heiter det at departementet «oppnevner særskilte skatteklagenemnder for behandling av bestemte skattytergrupper».

Etter reorganiseringa av skatteetaten er det dermed eit skattekontor og ei særleg skatteklagenemnd som skal vere skattemyndigheit etter artistskattelova. Det følgjer av artistskattlova § 12 andre ledd at føresegnene i likningslova om organiseringa av skatteetaten gjeld ved behandling av saker etter artistskattelova. Departementet foreslår å oppheve artistskattlova § 8 første ledd og at andre til sjette ledd blir nytt første til femte ledd.

Tilvisingane i artistskattelova § 8 andre ledd, fjerde ledd første og andre punktum, femte ledd andre punktum og sjette ledd andre punktum til «Sentralskattekontoret for utenlandssaker» eller «Sentralskattekontoret» må endrast til «*skattekontoret*».

Artistskattelova § 8 sjette ledd første punktum viser til likningslova § 2-4. Departementet foreslår å sløyfe denne tilvisinga, og at ein i staden skriv at klage må sendast skattekontoret. Dette inneber ikkje nokon endring i høve til gjeldande rett, bortsett frå at skattyter no kan sende klage til eitkvart skattekontor.

Ein viser til forslag om endringar i § 8.

Tilvisingane i artistskattelova § 6 første ledd første punktum, fjerde og femte ledd og § 9 tredje ledd til «Sentralskattekontoret for utenlandssaker» eller «Sentralskattekontoret» må endrast til «*skattekontoret*». Ein viser til forslag om endringar i § 6 første ledd første punktum, fjerde og femte ledd og § 9 tredje ledd.

1.7 Petroleumsskattelova

Reorganiseringa av skatteetaten gjeld ikkje oljeskattemyndigheitene, men det er behov for å endre nokre føresegner i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.

Etter petroleumsskattelova § 6 nr. 1 bokstav f andre punktum har Oljeskattekontoret same rettar

og plikter som «ligningskontor og ligningssjef». Departementet foreslår at dette blir endra til «*skattekontoret og lederen av skattekontoret*».

Petroleumsskattelova § 6 nr. 2 første punktum gjeld kva organ som skal likne andre skattepliktige etter petroleumsskattelova enn dei som er nemnt i § 6 nr. 1, dvs. andre enn skattepliktige som driv utvinning og rørledningstransport av petroleum. For skattepliktige som ikkje driv slik verksemd og kor skatteplikta utelukkande følgjer av petroleumsskattelova, er Sentralskattekontoret for utenlandssaker og tilhørande nemnder likningsmyndigheiter. For arbeidstakarar som ein del av arbeidsåret også pliktar betale skatt for inntekt i riket, skal samla inntekt liknast ved Sentralskattekontoret for utenlandssaker. Sistnemnde går ikkje heilt klart fram av lovteksten, der det heiter i § 6 nr. 2 andre punktum at samla inntekt i desse tilfella skal liknast ved likningskontoret for «denne kommune». Ut frå gjeldande lovtekst er det uklart kva det viser til. Årsaka er at § 6 nr. 2 første punktum tidligare viste til «kommune 2312 Sökkelen», og at «denne kommune» viste tilbake til første punktum, jf. lov 18. desember 1987 nr. 81. I samband med etableringa av Sentralskattekontoret for utenlandssaker blei «kommune 2312 Sökkelen» endra til «de særskilte sentrale ligningsmyndigheter».

Etter reorganiseringa av skatteetaten vil Sentralskattekontoret for utenlandssaker bli ei kontoreining under skattekontoret i den regionen der kontoret ligg, og blir dermed ein del av vedkommande skattekontor. Det skal framleis være ei særskilt skatteklagenemnd for dei skattytergruppene som i dag blir behandla ved Sentralskattekontoret for utenlandssaker, jf. Ot.prp. nr. 1 (2006-2007) side 20 og endringar i likningslova § 2-2 nr. 2, men denne nemnda blir ikkje særskilt omtala i lova. Tilvisinga «særskilte sentrale skattemyndigheter» må derfor endrast. Departementet foreslår at § 6 nr. 2 første og andre punktum blir erstatta med ei tilvising til at andre skattepliktige enn dei som er nemnde i nr. 1 blir likna av «skattekontoret». Føresegna vil da lyde: «*Andre skattepliktige enn de som er nevnt i nr. 1 lignes ved skattekontoret*». Kva for eit skattekontor dette er, blir avgjort av Skattedirektoratet etter delegasjon frå departementet, jf. den nye likningslova § 8-6. Departementet foreslår vidare at tilvisinga i § 6 nr. 2 tredje punktum til «skattytere som lignes sentralt etter ligningsloven § 2-4 nr. 1 a» blir endra til «*skattytere som ikke har varig tilknytning til riket og sjømenn bosatt i utlandet*». Føresegna blir nytt andre punktum.

Ein viser til forslag til endring av petroleumsskattelova § 6 nr. 1 bokstav f andre punktum og § 6 nr. 2.

1.8 Arveavgiftslova

Etter lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver § 24 andre ledd, slik den lyder etter lovendringa 15. desember 2006 nr. 72, er skattekontoret avgiftsmyndigheit med mindre saka høyrer inn under tingretten. Tingretten er avgiftsmyndigheit i bu som blir skifta offentleg, samt for nærare bestemte gåver, jf. § 24 første ledd.

Hovudregelen i forvaltningsretten er at klage skal fremjast for det organ som har gjort vedtaket. Ved lov 15. desember 2006 nr. 72 fekk arveavgiftslova § 35 eit nytt siste ledd som seier at «klage leveres skattekontoret». Det vil seie at ein kan levere klage med fristavbrytande verknad til ein kvar kontoreining av eit skattekontor. Ein ser det som lite formålstenleg at klage over tingretten sin avgiftsfastsetjing skal sendast skattekontoret. I dei tilfella kor tingretten er avgiftsmyndigheit, foreslår departementet derfor at klage framleis må fremjast for den tingretten som fastsatte avgifta. Departementet foreslår at lov 15. desember 2006 nr. 72 § 35 første ledd nytt siste punktum blir endra slik at klage berre skal leverast til skattekontoret når skattekontoret er avgiftsmyndigheit.

Ein viser til forslag til endring i lov 15. desember 2006 nr. 72 om endringar i lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver § 35 første ledd siste punktum.

1.9 Særavgiftslova

Lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter § 7 første ledd har ei tilvising til «fylkesskattekontoret» som i samband med reorganiseringa av skatteetaten må endrast til «*skattekontoret*». Føresegna er endra ved lov 17. juni 2005 nr. 67 ved at ho blir ny § 6 frå den tid Kongen bestemmer. Ein viser til forslag til endring av særavgiftslova § 7 første ledd.

1.10 Lov om kompensasjon av meirverdiavgift

Lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. har i § 6 første ledd ei føresegn om at oppgåver skal sendast «fylkesskattekontoret i det fylke den kompensasjonsberettigede hører hjemme». Etter reorganiseringa av skatteetaten skal det ikkje vera noko krav om at oppgåver m.m. skal sendast ei bestemt eining i skatteetaten. Departementet foreslår derfor at «fylkesskattekontoret» blir endra til «*skattekontoret*» og at formuleringa «i det fylke den

kompensasjonsberettigede hører hjemme» blir sløyfa.

Elles må tilvisingane til «fylkesskattekontoret» i § 7 første ledd første punktum, § 14 og § 17 endrast til «*skattekontoret*».

Ein viser til forslag til endringar i lov om kompensasjon av meirverdiavgift § 6 første ledd, § 7 første ledd første punktum, § 14 og § 17.

1.11 Konkurslova

Lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) har i § 79 sjuande ledd andre punktum ei tilvising til «fylkesskattekontoret» som i samband med reorganiseringa av skatteetaten må endrast til «*skattekontoret*». Ein viser til forslag til endring av konkurslova § 79 sjuande ledd andre punktum.

1.12 Bokføringslova

I lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring (bokføringsloven) § 2 tredje ledd heiter det at «[L]igningskontoret, fylkesskattekontoret eller sentralskattekontoret kan i enkelttilfelle pålegge den som antas å drive næringsvirksomhet bokføringsplikt etter denne loven for den virksomhet som drives».

«Ligningskontoret» og «fylkesskattekontoret» må som følge av reorganiseringa av skatteetaten endrast til «*skattekontoret*». Når det gjeld «sentralskattekontoret», så viser dette til same omgrep i likningslova § 2-4 der det omfattar Sentralskattekontoret for utenlandssaker, Sentralskattekontoret for storbedrifter og Oljeskattekontoret. Dei to førstnemnde blir formelt ein del av skattekontoret i den regionen dei ligg i. Reorganiseringa endrar derimot ikkje status til Oljeskattekontoret, som blir vidareført i den nye likningslova § 2-4. Departementet foreslår derfor at «sentralskattekontoret» blir endra til «*Oljeskattekontoret*». Ein viser til forslag til endring av bokføringslova § 2 tredje ledd første punktum.

1.13 Lov om offentlege anskaffingar

Lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlege anskaffelser § 9 andre punktum seier at «[v]ed ileggelse av mulkt etter § 8 skal retten også underrette skattefogden som inndriver mulkten». I den nye skatteetaten blir skattefuten ein del av skattekontoret. Departementet foreslår derfor at tilvisinga til

«skattefogden» i § 9 andre punktum blir endra til «*skattekontoret*». Føresegna vil etter det lyda: «*Ved illeggelse av mulkt etter § 8 skal retten også underrette skattekontoret, som er innkrevingsmyndighet for mulkten*». Dette kan vere eitkvart skattekontor. Formuleringa «som er innkrevingsmyndighet» viser kva funksjon skattekontoret har, og er tatt med av informasjonsomsyn. Ein viser til forslag til endring av lov om offentlige anskaffelser § 9 andre punktum.

1.14 Bidragsinnkrevingslova

Lov 29. april 2005 nr. 20 om innkreving av underholdsbidrag mv. (bidragsinnkrevingsloven) § 21 første ledd andre punktum har ei tilvising til «skattefogdene» som må endrast til «*skattekontoret*». Ein viser til forslag til endringer i bidragsinnkrevingslova § 21 første ledd andre punktum.

1.15 Namnelova

Som følgje av reorganiseringa av skatteetaten er det behov for endringer i lov 7. juni 2002 nr. 19 om personnavn § 11 første ledd. Her heiter det:

«Den som vil ta, endre eller sløyfe navn, må gi melding om det til folkeregisteret, som avgjør om meldingen skal godtas. Meldingen sendes til folkeregisteret for den kommunen hvor den meldingen gjelder, er registrert bosatt. For enkelte navnesaker kan departementet bestemme at meldinger skal gis til og behandles av et annet forvaltningsorgan. Vedtak om å godta eller nekte å godta en melding kan påklages til fylkesmannen.»

Departementet foreslår at tilvisinga i første punktum til «folkeregisteret» blir endra til «*skattekontoret*» og at andre punktum blir sløyfa, slik at noverande tredje og fjerde punktum blir nytt andre og tredje punktum. Ein viser til forslag til endringer i namnelova § 11 første ledd.

1.16 Ekteskapslova

Som følgje av reorganiseringa av skatteetaten er det behov for endringer i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap. I § 6 andre ledd heiter det:

«Prøvingen foretas av folkeregisteret eller av norsk utenriksstjenestemann på det stedet der en av brudefolkene bor, eller om ingen av brudefolkene har bopel her i landet, på det stedet der en av dem oppholder seg. Norsk utenriks-

tjenestemann prøver kun ekteskapsvilkårene for norske borgere som er fast bosatt i embetsdistriktet, og bare i de tilfeller der prøvingen ikke kan foretas av norsk folkeregister.»

Myndigheit som er lagt til «folkeregistret» må leggjast til «folkeregistermyndigheten», som vil være skattekontoret. Som følgje av at Skattedirektoratet skal fordele myndigheit til skattekontora forslår departementet å sløyfe «på det stedet der en av brudefolkene bor, eller om ingen av brudefolkene har bopel her i landet, på det stedet der en av dem oppholder seg» i første punktum. Føresegna vil etter endringa lyde:

«Prøvingen foretas av *folkeregistermyndigheten* eller av norsk utenriksstjenestemann. Norsk utenriksstjenestemann prøver kun ekteskapsvilkårene for norske borgere som er fast bosatt i embetsdistriktet, og bare i de tilfeller der prøvingen ikke kan foretas av norsk *folkeregistermyndighet*.»

I ekteskapslova er det vidare tilvisingar til «folkeregisteret» i § 7 bokstav a første punktum og bokstav h andre punktum, § 9 første punktum, § 10 første ledd første punktum og i § 14 første ledd. I alle føresegnene gjeld tilvisinga folkeregisteret som folkeregistermyndigheit. Departementet foreslår derfor at «folkeregisteret» i dei nemnde føresegnene blir endra til «*folkeregistermyndigheten*».

Ein viser til forslag om endringer i ekteskapslova § 6 andre ledd, § 7 bokstav a første punktum og bokstav h andre punktum, § 9 første punktum, § 10 første ledd første punktum og i § 14 første ledd.

1.17 Barnelova

Lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova) har tilvisingar til «folkeregisteret» i § 1 første ledd første punktum, andre ledd første og andre punktum og fjerde ledd, § 4 andre ledd bokstav a og tredje ledd første punktum, § 10 første ledd tredje punktum, § 35 tredje ledd og § 39 første, andre og tredje punktum. I alle føresegnene gjeld tilvisinga folkeregisteret som folkeregistermyndigheit. Departementet foreslår derfor at «folkeregisteret» i dei nemnde føresegnene blir endra til «*folkeregistermyndigheita*».

Ein viser til forslag om endringer i barnelova § 1 første ledd første punktum, andre ledd første og andre punktum og fjerde ledd, § 4 andre ledd bokstav a og tredje ledd første punktum, § 10 første ledd tredje punktum, § 35 tredje ledd og § 39 første, andre og tredje punktum.

1.18 Utlendingslova

I lov 24. juni 1988 nr. 64 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven) er det i § 45 første ledd bokstav f ei tilvising til folkeregisteret i tydinga folkeregistermyndigheita. Departementet foreslår derfor at «folkeregisteret» blir endra til «*folkeregistermyndigheten*». Ein viser til forslag til endringar i utlendingslova § 45 første ledd bokstav f.

1.19 Helsepersonellova

Lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven) har i § 35 første ledd første punktum og andre ledd tilvisingar til folkeregisteret i tydinga folkeregistermyndigheita. Departementet foreslår derfor at «folkeregisteret» blir endra til «*folkeregistermyndigheten*». Ein viser til forslag til endringar i helsepersonellova § 35 første ledd første punktum og andre ledd.

2 Endringar i reglane om offentleggjering av skattelistingene

2.1 Innleiing og samandrag

Departementet legg fram forslag om endringar i reglane om offentleggjering av skattelister. Målet med endringane er å styrkje ivaretakinga av dei omsyna som ligg bak offentleggjeringa av skattelistingene.

Departementet føreslår at det opnast for at pressa igjen kan få tilgang til fullstendige skattelister. Dette vil styrkje den kritiske debatten om skattesystemet, for eksempel om samanhengen mellom økonomisk evne og skattlegging.

Departementet føreslår òg at postnummer blir teken inn i skattelistingene. Vidare føreslår departementet at skattelista ikkje skal innehalde opplysningar om personar i tilfelle der opplysningane kan røpe eit klientforhold og opplysningar om personar utan fast bustad.

2.2 Gjeldande rett

2.2.1 Utgangspunkt

Likningsstyresmaktene har teieplikt om skattyttarane sine «formues- eller inntektsforhold eller andre økonomiske, bedriftsmessige eller personlege forhold», jf. likningslova § 3-13 nr. 1. Likningslova § 3-13 nr. 5 slår likevel fast at «[t]aushetsplikten omfattar ikkje innholdet i skattelister som etter § 8-8 skal legges ut til alminnelig ettersyn, eller senere endringar i disse». Etter likningslova § 8-8 nr. 1 gjeld ikkje offentleglova ved krav om innsyn i skattelistingene.

2.2.2 Omfanget av opplysningar som er offentlege

Etter likningslova § 8-8 nr. 2 skal skattelista innehalde «den enkelte skattyters navn, poststed, fødselsår for personleg skattyter, organisasjonsnummer for upersonleg skattyter, den fastsatte nettoformue og nettoinntekt, skatter og avgifter».

Likningslova § 8-8 nr. 2 sett òg ramma for kva for opplysningar som *kan* offentleggjerast via skattelistingene.

Skattelistingene skal ikkje gje opplysningar om personar med adresse som er sperra i medhald av folkeregistreringslova, jf. likningslova § 8-8 nr. 2.

2.2.3 Måten dei offentlege opplysningane gjerast kjende på

2.2.3.1 Innleiing

Når likninga er ferdig, skal det utarbeidast ei liste for kvar kommune over alle som det er fastsett likning for, jf. likningslova § 8-8 nr. 1. Skatteetaten legg denne lista ut på likningskontoret og på Skattedirektoratets heimesider på Internett.

2.2.3.2 Utlegging på likningskontora

Skattelistingene ligg ute på likningskontoret i tre veker, jf. § 8-8 nr. 3 første ledd. Likningssjefen kan òg leggje listene på etats- eller servicekontor der likningskontoret er representert.

Dette utlegget skjer ein gong i året – om hausten.

Det er ikkje høve til å kopiere, fotografere eller bruke elektroniske hjelpemiddel til å lese av opplysningar i den skattelista som er lagt ut.

2.2.3.3 Offentleggjering på Internett

Skattedirektoratet kan offentleggjere skattelista på Internett i den same trevekersperioden som listene ligg ute på likningskontora, jf. likningslova § 8-8 nr. 3 andre ledd. Søk i lista kan berre gjerast dersom ein gir opplysningar om skattyters namn, poststad og eventuelt alder. Ved søk i lista vil ein som hovudregel berre få opplysningar om ein enkelt skattyttar.

Likningslova § 8-8 nr. 3 andre ledd gir Skattedirektoratet heimel til å gi nærmare retningslinjer om publiseringa på Internett. Slike retningslinjer er fastsett av Skattedirektoratet 4. oktober 2004. Av retningslinjene følgjer det mellom anna at skattelistingene skal vere tilgjengeleg for søk frå Skatteetatens nettsider (skatteetaten.no), jf. retningslinjene § 2. Vidare skal skattelista på Internett være identisk med den som ligg på likningskontora, jf. retningslinjene § 1. Offentleggjeringa på Internett skal likevel ikkje innehalde opplysningar om personar som

bur på institusjonar og personar utan fast bustad, jf. retningslinene § 6.

2.2.3.4 Utlevering av opplysningar etter at trevekersperioden er omme

Etter utløpet av trevekersperioden som skatteliste-
tene skal liggje ute på likningskontora eller Inter-
nett, kan likningsstyresmaktene skriftleg gi opp-
lysningar frå skattelista om den enkelte skattytar til
skattytaren sjølv, til skattytarens ektefelle, dødsbu,
eller konkursbu, og til ein domstol, jf. likningslova
§ 8-8 nr. 3 tredje ledd. Slike opplysningar kan lik-
ningskontoret i rimeleg omfang òg gi til andre.
Den som ønskjer opplysningar, må kjenne skatty-
tars namn og poststad. Det er først og fremst pressa
dette er aktuelt for.

Likningslova § 8-8 nr. 3 tredje ledd siste punk-
tum gir Skattedirektoratet kompetanse til å gi nær-
mare retningslinjer for utlevering av skattelisteo-
pplysningar frå likningskontora. Slike retningslinjer
er gitt 28. september 2004. Etter retningslinene
kan likningskontoret mellom anna ikkje gi opplys-
ningar om meir enn fem skattytarar for kvar føre-
spurnad.

2.2.3.5 Bruk av opplysningane frå skatteliste- tene

Likningslova inneheld ingen føresegner om motta-
karens bruk av opplysningar frå skatteliste-
tene etter at dei er utleverte. Reglane om bruken av skatteli-
steopplysningar følgjer av personopplysningslova.
Dette regelverket høyrer inn under Datatilsynets
ansvarsområde.

2.3 Rettstilstanden før lovendringa i 2004

2.3.1 Utgangspunkt

Reglane om offentleggjering av skatteliste-
tene var tidlegare regulert dels i likningslova og dels i offent-
leglova. Som etter gjeldande rett, var utgangspunk-
tet i likningslova § 3-13 nr. 1 at likningsstyresmak-
tene har teieplikt om formues- og inntektstilhøva til
skattytarane og om andre økonomiske, bedrifts-
messige eller personlege tilhøve. Etter likningslova
§ 3-13 nr. 5 omfatta teieplikta likevel ikkje innhaldet
i skattelista som etter likningslova § 8-8 skulle leg-
gjast ut til alminneleg ettersyn.

2.3.2 Omfanget av opplysningar som var offentlege

Etter likningslova § 8-8 nr. 2 første punktum var, i
tillegg til dei opplysningane som er offentleg

etter gjeldande rett, òg skattytarens fødselsdag
og -månad, gateadresse, postnummer og skatte-
klasse offentlege opplysningar.

2.3.3 Måten skatteliste- tene blei offentleggjort på

2.3.3.1 Innleiing

Når likninga var ferdig slo likningslova § 8-8 nr. 1
første punktum og nr. 3 fast at likningskontoret
skulle leggje ut skatteliste-
tene til alminneleg ettersyn
i tre veker slik som etter gjeldande rett. Liknings-
lova hadde likevel ingen nærmare føresegner om
den praktiske gjennomføringa av offentleggjeringa.
Likningslova § 8-8 utgjorde ein spesialregel i for-
hold til offentleglova § 8 om korleis et dokument
som er offentleg skal gjerast kjent. Den nærmare
gjennomføringa av innsynsretten både i og utanfor
trevekersperioden blei derfor regulert av offentleg-
lova § 8.

Innafor trevekersperioden kunne likningssty-
resmaktene vise alle som ba om innsyn til dei
utlagde listene. Etter utleggsperioden kunne alle
krevje å få innsyn i skatteliste-
tene i «en bestemt
sak», jf. offentleglova § 2 andre ledd.

2.3.3.2 Likningskontoret

Skatteetaten la skatteliste-
tene ut på landets liknings-
kontor i to omgangar; på våren for skattytarar som
var omfatta av ordninga med førehandsutfylt sjølv-
melding, og om hausten for skattytarar som var
undergitt ordinær likning. Skatteliste-
tene lå ute i tre
veker både om våren og om hausten.

Departementets retningslinjer av 8. august 1991
for innsyn i og utskrift av skattelistar § 3, inneheldt
nærmare reglar om skriftleg utlevering av opplys-
ningar frå skattelista om den enkelte skattytar.
Etter retningslinene skulle opplysningar frå skatte-
lista om den enkelte skattytar gis skriftleg til skatt-
ytaren sjølv, til skattytarens ektefelle, dødsbu eller
konkursbu, og til ein domstol. Slike opplysningar
kunne likningsstyresmaktene dessutan òg i rime-
leg utstrekning gi skriftleg til andre.

2.3.3.3 Masseutlevering

Masseutlevering av opplysningar blei regulert av
departementets retningslinjer av 8. august 1991 § 4.
Retningslinene skilte mellom utlevering av papir-
lister og lister i elektronisk format:

«Den alfabetiske skattelisten for en kommune
kan utleveres på papir. Skattelisten kan også
utleveres i elektronisk form til den som godt-
gjør å ha oppfylt sin meldeplikt til Datatilsynet,
jf. personopplysningsloven §§ 8 og 31, eller å ha

konsesjon fra Datatilsynet for lagring av skattemister etter personopplysningsloven § 33, eller å være fritatt fra slik meldeplikt/konsesjonsplikt.»

Utlevering til aktørar som var fritatt for melde- og konsesjonsplikt omfatta særleg pressa, jf. unntaket om journalistiske føremål i personopplysningslova § 7.

Hausten 2002 fekk Finansdepartementet opplyst at skatteetaten masseutleverte opplysningar til om lag 150 aktørar. Dei som tok imot listene var:

- medieverksemdar (aviser, bladforlag, tv- og radiostasjonar)
- bankar, finansinstitusjonar, forsikringsselskap og kredittopplysningsverksemdar
- marknadsføringsverksemdar
- frivillige organisasjonar (idrettslag, skulekorps og liknande)

Om lag 100 av mottakarane var medieverksemdar, mens om lag 40 var bankar, finans- og forsikringsinstitusjonar og kredittopplysningsverksemdar.

2.3.4 Bruken av opplysningar som er utleverte

2.3.4.1 Innleiing

Bruken av dei utleverte opplysningane blei som etter gjeldande rett i mange tilfeller regulert av personopplysningslova.

2.3.4.2 Trykking og sal av skatteaviser

Ein del frivillige lag og foreiningar trykte og selde såkalla «skatteaviser» med utgangspunkt i dei offentlege skattemistene. I slike skatteaviser blei gjerne heile skattemista for kvar einskild kommune publisert på papir. Datatilsynet slår i ein artikkel datert 25. november 2002 publisert på Datatilsynets heimesider på Internett, fast at trykking og sal av slike opplysningar er ulovleg. I artikkelen skriv Datatilsynet mellom anna:

«Som Datatilsynet har pekt på også tidlegare år, kan ikkje det å trykke skatteaviser definerast som journalistisk verksemd. Ein er difor ikkje unnateken føresegnene i personopplysningslova, der det mellom anna vert stilt som krav at samtykke skal vere innhenta på førehand fra kvar einskild skattyttar, før slik utlevering av personopplysningar vert gjort. Dette inneber difor i praksis at trykking og sal av skatteaviser ikkje er tillete.»

2.3.4.3 Bruken av opplysningar frå skattemistene i marknadsføringsverksemd

Adresserings- og marknadsføringsverksemdar fekk tidlegare tilgang til opplysningar frå skattemistene gjennom masseutlevering. Opplysningane blei mellom anna nytta til målretta marknadsføring overfor utvalte deler av befolkninga. Dette kunne skje utan at dei det gjaldt hadde gitt sitt samtykke til at opplysningane blei brukt til slike føremål.

I brev av 5. juni 2001 frå Datatilsynet til ei marknadsføringsbedrift, skriv tilsynet mellom anna:

«Datatilsynet mener at behandlingsansvarlige også kan behandle opplysninger til markedsføringsformål uten samtykke med hjemmel i personopplysningsloven § 8 bokstav f. Dette begrenser seg imidlertid til bruk av opplysninger om navn, adresse, anropsnummer for telefoner (telefon, elektronisk post og lignende) og fødselsår. Bruk av andre opplysninger enn disse krever samtykke fra den registrerte med hjemmel i personopplysningsloven § 8 første ledd.»

2.3.4.4 Bruk av skattemisteopplysningar i journalistisk verksemd

Som nemnt i avsnitt 2.3.3.3 gjeld blant anna ikkje reglane om melde- og konsesjonsplikt i personopplysningslova ved behandling av personopplysningar utelukkande for kunstneriske, litterære eller journalistiske føremål, jf. personopplysningslova § 7. Departementets retningsliner av 8. august 1991 § 4 la derfor til grunn at masseutlevering av skattemisteopplysningar til bruk i journalistisk verksemd kunne skje utan vidare.

I brev av 19. juli 2001 til Skattedirektoratet skriv Datatilsynet mellom anna dette om det at mediebedrifter la ut skattemister for heile eller deler av landet på Internett:

«Personopplysningsloven § 8 fastsetter at behandling av personopplysninger må ha et rettslig grunnlag som angitt i paragrafen. For å kunne tilgjengeliggjøre skattemister på Internett må det rettslige grunnlaget i § 8 som påberopes også dekke en slik form for tilgjengeliggjøring. Bestemmelsen må ses i sammenheng med lovens § 11, som bl.a. fastsetter at opplysningene bare kan nyttes til formål som er saklig begrunnet i den behandlingsansvarliges virksomhet. Datatilsynet antar at det skal svært mye til for at det kan anses som saklig begrunnet for en virksomhet å tilgjengeliggjøre skattemistene på Internett. Personopplysningsloven § 7 fastsetter (..) at deler av loven ikke gjelder for behandlinger utelukkende for journalistiske formål, herunder §§ 8 og 11. Det at et

presseorgan er behandlingsansvarlig er ikke i seg selv tilstrekkelig til at en behandling kan anses å ha journalistisk formål. Det skal likevel mye til for å innskrenke ytringsfriheten der pressen påberoper seg journalistiske formål. Datatilsynets oppfatning er imidlertid at å legge ut skattelister over alle skatteyttere eller skatteyttere i et visst distrikt, uten noen form for bearbeiding og uten å påvise forhold eller sammenhenger ved innholdet knyttet til utvalgte grupper eller enkeltpersoner, ikke kan sies å være utelukkende journalistisk formål.»

Datatilsynet var òg i dialog med pressa om korleis ein skal forstå omgrepet «journalistiske formål» i personopplysningslova § 7. I årsmeldinga frå Datatilsynet for 2001 skriv tilsynet mellom anna:

«Datatilsynet har bedt pressens organer som rette instans, å ta stilling til hvordan journalistisk virksomhet skal defineres i forhold til nettpubliserings av skattelister. I svarbrev til Datatilsynet skrives det «[I] den grad det finnes definerede avgrensninger i noen form, gjelder det i forhold til reklame og fiksjon » Datatilsynet forstår dette som at pressens organer selv definerer journalistikk som alt som ikke er nettopp reklame og fiksjon. Og at denne vurderingen også legges til grunn ved publisering av skattelister på Internett.»

2.4 Bakgrunn

Openheit rundt likningsfastsetjinga har tradisjonelt blitt grunnleggjande med at:

- hemmelegald kan gi grunnlag for spekulasjonar om det generelle likningsarbeidet og om fastsetjingane for enkeltpersonar eller grupper av skattytarar
- ordninga representerer ei form for samfunnskontroll med likningsstyresmaktene
- skilnader mellom verkelege verdiane og dei verdiane som skal nyttast ved skattlegginga kan fremje debatt om og eventuelt kritikk mot skattereglane

Endringane i reglane om offentleggjering av skattelister som blei vedtatt våren 2004, stramma kraftig inn i innsynet i skattelister. Etter departementets syn kan unødvendige hindringar for innsyn i skattelister skape grunnlag for spekulasjonar omkring arbeidet med likninga.

Det er særleg uheldig at masseutlevering av skatteliteopplysningar til pressa ikkje lenger er mogleg. Denne innstramminga har ført til at det har blitt mykje vanskelegare å lage journalistikk som retter søkjelyset mot uheldige skilnader og

utviklingstrekk i samfunnet. Informasjon om inntekts- og skatteforhold er viktig i samfunnsdebatten. Etter departementets syn bør derfor dei endringane som blei vedtatt våren 2004 reverserast.

Hausten 2004 stilte EFTAs overvakingorgan (ESA) spørsmål om dei gjeldande reglane om offentleggjering av skattelister og forholdet til EUs personvernordning. Bakgrunnen for dette var at ESA hadde motteke ei klage på dei norske føresegnene om offentleggjering av skattelister. Departementet har enno ikkje mottatt noko formelt svar frå ESA med deira konklusjon i denne saka. For at endringane skal kunne tre i kraft med verknad for skattelistene som skal publiserast hausten 2007, er det likevel nødvendig å fremme forslag om endringar no. Etter departementet si oppfatning er både den gjeldande ordninga og den foreslåtte ordninga i samsvar med EØS-retten.

2.5 Vurderingar og forslag frå departementet

2.5.1 Masseutlevering av skattelister

Ordninga med masseutlevering av skattelister blei avvika ved lovendringa i 2004. Ingen kan no få fullstendige skattelister utlevert i medhald av likningslova § 8-8. Ein kan berre gjere enkeltsøk i skattelister på skatteetatens heimesider på Internett. Det er heller ikkje tillate å kopiere, fotografere eller bruke elektroniske hjelpemiddel for å lese papirskattelister som er lagt ut på likningskontora.

Etter departementet si oppfatning er det som tidlegare nemnt, særleg uheldig at pressa ikkje kan få utlevert fullstendige skattelister. Skal omsyn bak ordninga med offentleggjering av skattelister kunne realiserast fullt ut, er det viktig at pressa enkelt kan få tilgang til skatteliteopplysningane. Det er først og fremst pressa som kan bidra til kritisk debatt om skilnader mellom verkelege verdiane og dei verdiane som skal nyttast ved skattlegginga. Departementet foreslår derfor at pressa igjen skal få tilgang til fullstendige skattelister.

Datatilsynet har allereie uttalt seg om enkelte problemstillingar knytt til kva som skal sjåast på som journalistisk verksemd som nemnt i personopplysningslova § 7 for så vidt gjeld skatteliteopplysningar. Departementet viser til omtala i avsnitt 2.3.4.4. Den vidare oppfølginga av pressa si bruk av skattelister vil vere Datatilsynets ansvar.

Som nemnt under gjennomgangen av reglane om utlevering av skattelister slik dei lydde før lovendringa våren 2004, fekk også frivillige organisasjonar, marknadsføringsverksemdar, bankar og

kredittopplysningsverksemdar mv. utlevert fullstendige skattelister.

Frivillige organisasjonar brukte skattelisterne først og fremst til trykking og sal av skatteaviser. Som nemnt under avsnitt 2.3.4.2 har Datatilsynet uttalt at trykking og sal av skattelister ikkje er tillate. Masseutlevering av skattelisteopplysningar til frivillige organisasjonar er derfor ikkje aktuelt.

Bankar, kredittopplysningsverksemdar mv. får no opplysningar i medhald av likningslova § 3-13 nr. 6, og har derfor ikkje behov for masseutlevering av skattelister.

Marknadsføringsverksemdar kan berre bruke opplysningar om namn, adresse, telefonnummer og liknande og fødselsår for marknadsføringsformål. Bruk av andre opplysningar enn dette krev samtykke frå den registrerte. Se nærmare om Datatilsynets utsegner om dette under avsnitt 2.3.4.3. Marknadsføringsverksemdar kan dermed ikkje bruke opplysningane om skattepliktig inntekt, formue eller skatt til målretta marknadsføring overfor for eksempel høginntektsgrupper. Departementet ser derfor ingen grunn til at det skal opnast for masseutlevering av skattelister til marknadsføringsbedrifter.

Tidligere var det i prinsippet inkje atterhald med tanke på kven som kunne få utlevert fullstendige skattelister på papir. Utover dei gruppene som tidlegare fekk masseutlevert skattelister og som er nemnt ovanfor, er det vanskeleg å peike på enkeltgrupper som det er av avgjerande betydning at får masseutlevert skattelister. For eksempel er det vanskeleg å sjå at privatpersonar skal ha behov for å utlevert fullstendige skattelister på papir. Etter departementets oppfatning er det ikkje grunn til å gjeninnføre ei slik ordning.

For best mogleg å realisere dei føremål som ligg bak offentleggjeringa av skattelisterne foreslår departementet at det i likningslova § 8-8 nr. 3 opnast for at pressa kan få utlevert fullstendige skattelister. Med pressa meiner ein her massemedia som aviser, magasiner og vekepresse uavhengig av om dei blir gitt ut på papir eller Internett, samt fjernsyn og radio.

Departementet viser til forslag til likningslova § 8-8 nr. 3 nytt fjerde ledd.

2.5.2 Kva for opplysningar bør vere offentlege

For at hovudsiktemålet med openheit rundt likningsfastsetjingane skal kunne realiserast, må i alle fall skattytarens namn, nettoformue, nettoinntekt samt skattar og avgifter gå fram av listene.

Ved lovendringa våren 2004 blei det vedteke at opplysningar om skattytarenes fulle adresse, fødselsdag og –månad, samt skatteklasse ikkje lenger skal gå fram av skattelisterne. Dette blei blant anna grunnlagt med at dette er opplysningar som ikkje er strengt nødvendige for å realisere dei kontrollføremåla som grunnleggjer openheitsprinsippet.

Opplysningar om gateadresse, fødselsdag og –månad, samt skatteklasse, er opplysningar som kan misbrukast når dei blir samanstilte med økonomisk informasjon om skattytaren. Denne typen informasjon er og særleg egna til å lette utarbeidinga av personprofilar og karakteriserande utval av befolkninga. Departementet gjer derfor ikkje framlegg om å gjeninnføre masseutlevering av desse opplysningane. Når slike opplysningar ikkje skal vere med i skattelisterne, er det også vanskelegare å bruke skattelisterne til kriminelle føremål.

Forslaget om å utvide tilgangen til masseutlevering av skattelister gir likevel grunn til ei ny vurdering av om omsynet til kontroll og identifikasjon blir godt nok realisert ved at ein berre gir opplysningar om skattytarens namn, fødselsår og poststad. Mange stader er det ein stor grad av oppdeling i poststader slik at forvekslingsfaren er liten og det vil vere mogleg å trekke slutningar av inntektsforholda på ein bestemt poststad. Andre stader vil forvekslingsfaren vere større slik at å seie noko om for eksempel inntektsfordeling vil vere vanskelegare dersom ein berre kjenner poststaden. Dette gjelder mellom anna Oslo. For å sikre ein betre identifikasjon av skattytarane, foreslår departementet at skattelisterne skal innehalde opplysningar om postnummer i tillegg til poststad. Dette vil òg styrkje mogleghetene for kritisk debatt om for eksempel inntekt og bustad.

Etter Skattedirektoratets retningslinjer for offentleggjering av skattelister på Internett av 4. oktober 2004 § 6 skal skattelistar på Internett ikkje innehalde opplysningar om personar som bur på institusjon og personar utan fast bustad, i tillegg til personar med sperra adresse som er unntatt etter likningslova § 8-8 nr. 2 første ledd siste punktum. Bakgrunnen for denne utvidinga av gruppene som ikkje skal med i skattelisterne, er at opplysningar om desse personane kan røpe eit klientforhold. I tillegg til personar utan fast bustad vil dette mellom anna omfatte personar som bur på psykiatriske institusjonar eller som er i fengsel. Departementet foreslår at denne praksisen går fram av lova og gjerast generell. Det vil seie at det ikkje skal vere med nokre opplysningar om desse gruppene i skattelisterne, uavhengig av korleis opplysningane blir presentert. Eit utgangspunkt for vurderinga av kva for

opplysningar som kan røpe eit klientforhold, vil vere praksisen knytt til folkeregistreringslova § 13, som bruker det same uttrykket.

Departementet viser til forslag til endring av likningslova § 8-8 nr. 2 første ledd.

2.5.3 Utlekking på likningskontora og publiseringa på skatteetatens heimesider på Internett

Forslaget om masseutlevering av skattelister til pressa reiser òg spørsmål om ein bør gjere endringar i utlegginga av skattelister på likningskontora og publiseringa på skatteetatens heimesider på Internett.

Etter departementet si oppfatning er det viktig at alle har enkel tilgang til skattelisteoopplysningane når skattelister blir lagt ut. Departementet føreslår derfor at utlegginga av skattelister på likningskontora og skatteetatens heimesider på Internett skal halde fram som i dag. Som ei følge av forslaget om at pressa skal få skattelister masseutlevert, er det etter departementet sitt syn ikkje nødvendig med like strenge reglar når det gjeld elektronisk avlesing av skattelister på likningskontora og søk på skatteetatens heimesider på Internett. Departementet føreslår derfor å oppheve forbodet mot å kopiere, fotografere eller å bruke elektroniske hjelpemiddel for å lese av opplysningane i dei skattelister som er lagt ut på likningskontora. Departementet føreslår òg å oppheve føresegna om at søk i lista på Internett berre kan gjen-

nomførast når ein gir opplysningar om skattyters namn og poststad. Ei viss avgrensing av søka på Internett er likevel nødvendig, mellom anna av kapasitetsmessige omsyn. Skattedirektoratet må derfor framleis kunne fastsette retningslinjer for søk i lista som er lagt ut på skatteetatens heimesider på Internett.

Departementet viser til forslag til endringar i likningslova § 8-8 nr. 3.

2.5.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Dei føreslåtte endringane i reglane om offentliggjeving av skattelister vil ikkje ha nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar for skatteetaten. Skattedirektoratet kan sjølv stå for masseutleveringa til pressa, eller dei kan gjere avtale om slik distribusjon med ein privat aktør. Før lovendringa i 2004 blei kostnadene ved masseutlevering dekt av den som mottok skattelistene. Departementet legg til grunn at dette framleis vil gjelde når ein frå 2007 igjen gir pressa tilgang til skattelister gjennom masseutlevering.

2.5.5 Når endringane tek til å gjelde

Departementet føreslår at endringane tek til å gjelde straks. Dette inneber at endringane får verknad for skattelister for inntektsåret 2006, som blir lagt ut hausten 2007.

3 Endring av tollova § 39

3.1 Innleiing

Finansdepartementet føreslår med dette endringar i lov 10. juni 1966 nr. 5 om toll (tolloven) § 39. Departementet føreslår at tollmyndigheitene skal kunne varsle innehavaren av immaterielle rettar (varemerke, opphavsrettar, patent, designrettar, rett til kretsmønster for integrerte kretsar og plan-teforeddlarrettar) dersom det ligg føre grunngeven mistanke om at varer under innførsel eller utførsel krenkjer rettane deira. Samstundes skal tollmyndigheitene i slike høve kunne halde varene attende i inntil fem dagar. Ei slik endring vil gjere det lettare for rettshavaren å ta hand om rettane sine ved å krevje mellombels åtgjerd etter tvangsfullføringslova § 15-13. Det er ikkje føreslått endringar i sjølve ordninga med mellombels åtgjerd i tvangsfullføringslova § 15-13 og tollova § 39.

3.2 Bakgrunn - gjeldande rett

Etter tvangsfullføringslova § 15-13 fyrste ledd fyrste punktum kan retten etter krav frå ein innehavar av ein immateriell rett eller lisenshavar (rettshavaren), som mellombels åtgjerd mot vareeigaren, avgjere at tollmyndigheitene skal halde varer attende frå frigjering, når innførsel av vara vil utgjere eit inngrep i ein immateriell rett.

Den mellombelse åtgjerda skal gå ut på at tollmyndigheitene skal halde varer attende i ei viss tid, jf. tollova § 39 fyrste ledd fyrste punktum. Når tollmyndigheitene får melding frå retten om at det er fastsett slik mellombels åtgjerd, skal tollmyndigheitene prøve å oppdage varer som kjem inn under åtgjerda som dei får til tollbehandling, jf. tollova § 39 andre ledd fyrste punktum. Når slike varer blir oppdaga, skal tollmyndigheitene gje varsel om det til retten, rettshavaren og vareeigaren, jf. tollova § 39 tredje ledd fyrste punktum. I varselet skal det opplysast at varene blir haldne attende i samsvar med den mellombelse åtgjerda inntil retten eller saksøkjaren bestemmer noko anna, eller retten gjev beskjed om at åtgjerda er rettskraftig oppheva

eller har falle bort, jf. tollova § 39 tredje ledd andre punktum.

Desse reglane gjev rettshavaren og lisenshavaren eit verkemiddel til å hindre at varer som krenkjer rettane deira, blir innførte til landet samstundes som varene mellombels blir haldne attende til tvisten mellom rettshavaren og vareeigaren er endeleg avgjort.

Etter reglane i tvangsfullføringslova § 15-13 og tollova § 39 kan ikkje tollmyndigheitene halde varer attende av eige tiltak der det ligg føre ein mistanke om at innførsel vil utgjere eit inngrep i ein immateriell rett. Tollmyndigheitene kan berre gripe inn i tilfelle der det ligg føre ei mellombels åtgjerd, og berre mot slike varer som er nemnde i åtgjerda. Det er vidare lagt til grunn at tollova § 8 nr. 1 fyrste punktum er til hinder for at tollmyndigheitene varslar rettshavarar om innførsel av varer som kan krenkje dei immaterielle rettane deira. Justisdepartementet og andre har under høyringa av forslaget til ny tolllov vist til at gjeldande reglar fører til at dei som har ein immateriell rett, ofte ikkje vil kjenne til at innførsel er i ferd med å skje, slik at det i praksis ikkje vil vere mogleg for dei å krevje mellombels åtgjerd.

EU har i rådsforordning 2003/1383/EF 22. juli 2004 fastsett reglar om inngrep tollmyndigheitene kan setje i verk overfor varer som dei mistenkjer for å krenkje immaterielle rettar, og om dei tiltaka som skal gjerast overfor slike varer. Rådsforordninga er ikkje EØS-relevant og dermed ikkje ein del av EØS-avtala. Noreg er dermed ikkje forplikta til å gjennomføre reglar som svarer til dei som er fastsette i forordninga.

I rådsforordninga er det blant anna fastsett reglar som opnar for at tollmyndigheitene kan varsle dei som har ein immateriell rett, dersom det ligg føre ein grunngeven mistanke om at varer som er under innførsel, krenkjer immaterielle rettar, samstundes som tollmyndigheitene i slike tilfelle kan halde varene attende i ein viss periode, jf. artikkel 4 i forordninga. Krav om attendehald kan avgjerast av tollmyndigheitene og ikkje av domstolane slik som i Noreg, jf. artikkel 5 i forordninga.

3.3 Høyring

Forslag til ny tollov vart send på høyring 17. januar 2006. Under høyringa tok Justisdepartementet og andre til orde for at tollova bør endrast slik at tollmyndigheitene våre får same høvet som tilsvarende myndigheiter i EU til å varsle dei som har ein immateriell rett, når det er mistanke om at innførsel av varer vil utgjere eit inngrep i ein slik rett, samstundes som tollmyndigheitene i slike tilfelle får høve til å halde varene attende ei viss tid, jf. artikkel 4 i forordninga.

Finansdepartementet sende forslaget om endring av tollova § 39 på høyring 14. desember 2006. I høyringa blei det føreslått å endre tollova § 39 slik at tollmyndigheitene utan hinder av teieplikt kan varsle rettshavaren dersom det ligg føre ein grunngeven mistanke om at varer under innførsel krenker ein immateriell rett. Samstundes blei det føreslått at tollmyndigheitene i slike tilfelle skal kunne halde varene attende i inntil fem dagar. Det blei også føreslått at tollmyndigheitene ved varsling av rettshavaren og attendehald av varer må sørje for at vareeigaren blir varsla. Vidare blei det teke inn ein heimel for Kongen til å gje nærare reglar om at dei som har ein immateriell rett, skal oppmodast til å gje tollmyndigheitene opplysningar med sikte på å oppdage tilhøve som er nemnde her. Høyringsfristen blei sett til 12. februar 2007.

Desse høyringsinstansane har hatt merknader til forslaget:

- Justis- og politidepartementet
- Nærings- og handelsdepartementet
- Den norske Advokatforening
- Finansnæringsens Hovedorganisasjon (FNH)
- Forbrukarrådet
- Handels- og Servicenæringsens Hovedorganisasjon (HSH)
- Landsorganisasjonen i Norge (LO)
- Legemiddelindustriforening
- Norsk forening for industriell rettsbeskyttelse (NIR)
- Norske Patentingeniørers Forening
- Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
- Regjeringsadvokaten
- Skattedirektoratet
- Styret for det industrielle rettsvern (Patentstyret)
- Toll- og avgiftsdirektoratet

I tillegg har Norsk Tollerforbund, Arntzen de Besche, Norwegian Anti Counterfeit Group (NACG) og Motion Pictures Association (MPA) hatt merknader til høyringa. Merknadene har i hovudsaka vore positive, men somme har hatt

merknader til korleis forslaget er utforma, og kor langt det går. Merknadene frå instansane er nærare omtalte nedanfor.

Borgarting lagmannsrett har uttalt at høyringsnotatet ikkje gjev grunn til nokon merknader frå deira side. Vidare har følgjande instansar opplyst at dei ikkje har merknader/kommentarar til forslaget:

- Fiskeri- og kystdepartementet
- Fornyings- og administrasjonsdepartementet
- Forsvarsdepartementet
- Helse- og omsorgsdepartementet
- Landbruks- og matdepartementet
- Samferdselsdepartementet
- Utanriksdepartementet
- Datatilsynet
- Konkurransetilsynet
- Logistikk- og Transportindustriens forening
- Riksadvokaten

3.4 Vurderingar og forslag frå departementet

3.4.1 Generelt om forslaget

Finansdepartementet føreslår eit nytt fyrste ledd i tollova § 39 i tråd med det forslaget som blei sendt på høyring, med to unntak.

For det fyrste føreslår Finansdepartementet at rekkjevidda av framlegget blir utvida slik at det òg skal gjelde utførsel av varer under tollbehandling. Ei slik utviding blir føreslått som følge av merknader om dette frå *Toll- og avgiftsdirektoratet*, *Næringslivets Hovedorganisasjon*, *Handels- og Servicenæringsens Hovedorganisasjon*, *Patentstyret*, *Norsk forening for industriell rettsbeskyttelse* og *Den norske Advokatforening*. Dette gjer at også tvangsfullføringslova § 15-13 og tvistelova § 34-7, som vil kome i staden for tvangsfullføringslova § 15-13 frå 1. januar 2008, må endrast tilsvarende slik at dei gjev heimel for mellombels åtgjerd ved utførsel som gjer inngrep i ein immateriell rett. Det blir her gjort framlegg om dette i samråd med Justisdepartementet. Nokre av dei nemnde høyringsinstansane meiner at ordninga bør gjelde alle former for tollbehandling. Finansdepartementet har i samråd med Justisdepartementet kome fram til at ordninga ikkje kan gjelde andre former for tollbehandling enn ved innførsel og utførsel, sidan andre former for tollbehandling, for eksempel ved transitt, ikkje vil utgjere inngrep i ein immateriell rett i Noreg. I andre tilfelle enn innførsel og utførsel vil det dermed ikkje vere mogleg for rettshavaren å få på plass ei mellombels åtgjerd eller ein dom for krenking etter norsk lovgiving om immaterielle rettar. Ei moglegheit for tollmyndigheitene til å varsle rettshavaren og samstundes

halde varene attende ved andre former for tollbehandling enn ved innførsel og utførsel vil av den grunn ikkje ha noko for seg, sidan rettshavaren ikkje kan følgje opp dette gjennom mellombels åtgjerd og dom om inngrep.

For det andre blir det føreslått at retten til å gje forskrift blir lagt til departementet, ikkje til Kongen.

I høyringsrunden har mellom *anna Nærings- og handelsdepartementet* og *Norske Patentingeniørers Forening* teke til orde for at den absolutte fristen for attendehald bør vere lengre enn fem dagar. *Nærings- og handelsdepartementet* sluttar seg likevel til forslaget ut frå den vurderinga at fristen i dei fleste tilhøve vil vere lang nok. Også *Skattedirektoratet* og *Den norske Advokatforening* har gitt uttrykk for at høvet til å halde varer attende i fem dagar normalt bør vere nok. Finansdepartementet kan ikkje sjå at det er nokon grunn til å endre forslaget i høyringa på dette punktet.

3.4.2 Merknader til dei einskilde paragrafane

Til tollova § 39

Etter § 39 *nytt fyrste ledd fyrste punktum* kan tollmyndigheitene, utan hinder av teieplikt, varsle rettshavaren der det ligg føre ein grunngeven mistanke om at innførsel eller utførsel av varer under tollbehandling vil utgjere eit inngrep i ein immateriell rett.

Forbrukarrådet har i sitt svar til høyringa uttalt at framlegget om endringar berre bør

«gjelde der innførsel skjer med sikte på vidare salg. I motsatt fall vil den nye regelen kunne brukes mot forbrukere som i god tro har handla forfalskningar på nett eller ved utenlandsopphold».

Finansdepartementet viser til at innførsel til privat bruk av varer som er kjøpt i utlandet ikkje vil utgjere eit inngrep i ein immateriell rett her i landet, sjølv om salet (og også kjøpet) i utlandet utgjorde eit inngrep i ein immaterialrett der. Dei immaterielle rettane gjev berre ein einerett som gjeld i næring. Innførsel (og for så vidt utførsel) til privat bruk kan aldri krenkje immaterielle rettar i Noreg. Framlegget vil difor ikkje gje grunnlag for atterhald i slike tilfelle som dei Forbrukarrådet tek opp i høyringssvaret sitt.

Tollmyndigheitene må vurdere om innførsel eller utførsel av dei aktuelle varene vil utgjere eit inngrep i ein immateriell rett. Dette gjeld både om den aktuelle vara krenkjer ein immateriell rett, og om innførsel eller utførsel er ei handling som den immaterielle retten er til hinder for.

Tollmyndigheitene vil ikkje ha noka varslingsplikt, men berre ei moglegheit til å varsle rettshavaren når det ligg føre ein grunngeven mistanke om at varer tollmyndigheitene har til tollbehandling, vil utgjere eit inngrep i ein immateriell rett. I kravet om at mistanken må vere grunngeven, ligg det at det må vere konkrete tilhøve som taler for at innførsel eller utførsel av varene vil utgjere eit inngrep i ein immateriell rett. Det er ikkje noko krav om at det må vere sannsynsovervekt for at varene vil medføre eit slikt inngrep, men ei fjern moglegheit for at det er eit inngrep, er ikkje nok. Tollmyndigheitene vil ikkje ha plikt til å undersøkje varer ut over det vanleg tollbehandling tilseier, for å finne ut om det ligg føre ein grunngeven mistanke. I praksis vil tollmyndigheitene ofte vere avhengige av opplysningar frå rettshavaren for å kome til at det ligg føre ein grunngeven mistanke om inngrep.

Når det ligg føre ein grunngeven mistanke om at innførsel eller utførsel av varer vil utgjere eit inngrep i ein immateriell rett, skal tollmyndigheitene normalt varsle rettshavaren når dei veit kven som kan varslast. Tollmyndigheitene må likevel vurdere konkret om det i visse høve er behov for å varsle den som har ein immateriell rett, for eksempel fordi det dreier seg om svært få varer med liten verdi og rettshavaren som følgje av det mest sannsynleg ikkje vil gripe inn.

Fordi tollmyndigheitene aldri har noka plikt til å varsle, skal det svært mykje til for at rettshavaren skal kunne halde tollmyndigheitene ansvarlege for manglande varsel. Den kontrollen tollmyndigheitene står for, har frå tid til anna karakter av stikkprøver. Det kan da ikkje vere grunn til erstatningsansvar i tilfelle der vedkomande parti ikkje blir undersøkt. Men òg der varepartiet faktisk blir inspisert av tollmyndigheitene, kan det vere forståeleg grunnar til at det ikkje blir gjevne varsel, og at partiet av den grunn ikkje blir halde attende. Varene blir ofte inspisert i høgt tempo og av personale som i praksis ikkje kan ha oversikt over alle marknader og vareslag.

Etter *andre punktum* kan tollmyndigheitene, når rettshavaren blir varsla etter fyrste ledd fyrste punktum, halde dei aktuelle varene attende i inntil fem virkedagar rekna frå da varselet blei gjeve. Slik får rettshavaren høve til å få på plass ei mellombels åtgjerd etter tvangsfullføringslova § 15-13. Tollmyndigheitene har inga plikt til å halde varene attende, men bør normalt gjere det, med mindre rettshavaren, når vedkommande tek imot varslet, melder ifrå om at vedkommande ikkje ønskjer at varene blir haldne attende. Når rettshavaren, for det har gått fem virkedagar, melder ifrå om at vedkommande ikkje lenger ønskjer at varene skal hal-

dast attende, bør tollmyndigheitene frigjere varene. Om varer som kan gå til grunne, skal haldast attende, for eksempel matvarer, må vurderast konkret. Det bør da blant anna leggjast vekt på kor sterk mistanken er.

Om det i tilfelle der tollmyndigheitene har gjort bruk av retten til å halde varer attende, seinare blir bindande fastsett at varene ikkje krenkjer nokon immateriell rett, kan ikkje varemottakaren halde tollmyndigheitene erstatningsansvarlege for økonomisk tap i femdagarsperioden så framtvurderinga til tollmyndigheitene av om det låg føre ein grunngeven mistanke om inngrep, har vore forsvareleg. Det må her leggjast til grunn ei mild aktsednsnorm, sidan det ikkje kan stillast høge krav til kva som vil vere ein grunngeven mistanke, eller til undersøkingsplikta til tollmyndigheitene. Det skal av den grunn svært mykje til før det kan hevdist at tollmyndigheitene har gått fram på ein slik måte at dei kan bli erstatningsansvarlege som følgje av aktlaus framferd. I tida da varene eventuelt blir haldne attende som følgje av ei mellombels åtgjerd etter tvangsfullføringslova § 15-13, vil eit eventuelt økonomisk ansvar vere ei sak mellom varemottakaren og rettshavaren, jf. tvangsfullføringslova § 3-5.

Etter *tredje punktum* skal tollmyndigheitene varsle vareeigaren eller representanten for vareeigaren når dei varslar rettshavaren eller held varer attende etter fyrste ledd fyrste og andre punktum. Med vareeigaren er meint den som overfor tollmyndigheitene har godtgjort at vedkommande rår over ei vare.

I *fjerde punktum* er det teke inn ein forskriftsheimel som gjev departementet høve til å fastsetje nærare reglar om at rettshavaren skal oppmodast til å gje tollmyndigheitene opplysningar med sikte på å oppdage varer som er nemnde i fyrste punktum, og om kven som kan ta imot varsel på vegne av den som har retten.

Til tvangsfullføringslova § 15-13

Fyrste ledd fyrste punktum er endra slik at det også kan takast mellombels åtgjerd når utførsel av ei vare vil utgjere eit inngrep i ein immateriell rett, jf. merknadene til tollova § 39.

Til tvistelova § 34-7 fyrste ledd

Når tvistelova blir sett i kraft, vil reglane om mellombels åtgjerd i tvangsfullføringslova bli oppheva

og vidareførte i tvistelova kapittel 34. Dette vil også gjelde tvangsfullføringslova § 15-13, som vil bli vidareført som § 34-7 i tvistelova. Tvistelova vil ta til å gjelde 1. januar 2008. Det er her føreslått ei endring i § 34-7 *fyrste ledd* som svarer til endringa som er føreslått i tvangsfullføringslova § 15-13.

Til tvistelova § 37-3 nr. 48

Sidan det vil bli føreslått å innføre eit nytt fyrste ledd i tollova § 39, må *tvistelova § 37-3 nr. 48*, som endrar tollova § 39, endrast. Denne endringa vil få verknad frå nyttår, sidan tvistelova da tek til å gjelde og kjem i staden for tvangsfullføringslova kapittel 15.

3.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget vil gje tollmyndigheitene noko meirarbeid, sjølv om forslaget ikkje er meint å medføre at tollmyndigheitene skal gjere meir omfattande undersøkingar av varer enn det dei gjer i dag. Opplysningar frå dei som har immaterielle rettar, er viktige for at tollmyndigheitene skal kunne oppdage varer som krenkjer immaterielle rettar, og dermed også for at forslaget skal gje rettshavarane meir effektivt vern mot krenkjing av immaterielle rettar.

Forslaget vil òg gje noko meirarbeid for domstolane ved at det vil kome inn fleire krav om mellombels åtgjerd til sikring av immaterielle rettar. Finansdepartementet ser det likevel slik at meirarbeidet for tollmyndigheitene og domstolane ikkje vil vere større enn at det kan takast hand om utan utvida budsjettammer.

Forslaget vil gjere det lettare for dei som har immaterielle rettar, å ta hand om dei immaterielle rettane sine, noko som vil vere til fordel for det innovative næringslivet her i landet. Forslaget vil også meir generelt ha ein samfunnsøkonomisk gunstig verknad ved at det vil styrkje arbeidet mot økonomisk og organisert kriminalitet.

3.6 Ikraftsetjing

Det er føreslått at endringane skal setjast i kraft frå 1. september 2007.

4 Endringar i artistskattelova

Etter artistskattelova (lov 13. desember 1996 nr. 87) og Stortinget sitt skattevedtak blir utanlandske artistar skattlagde med 15 prosent av bruttoinntekt.

Artistskattelova § 1 andre ledd bestemmer at artistskatt som er trekt i det året artisten blir rekna for busett i Noreg, blir gjort om til forskot på skatt etter skattebetalingslova. I motsetnad til dette blir artistskatt i år då artisten berre har ei avgrensa skatteplikt til Noreg, rekna som endeleg skatt utan likning.

Artistskattelova blei foreslått ved Ot.prp. nr. 77 (1995-96) om lov om skatt på honorar til utenlandske artister. Proposisjonen bygde på ein rapport frå ei mellomdepartemental arbeidsgruppe. Oppgåva til arbeidsgruppa var å vurdere reglane som gjaldt då, og å trekkje opp retningsliner for ei ny omdømming av reglane, jf. proposisjonen avsnitt 2.1 og 2.2. Arbeidsgruppa såg det som ei mogleg løysing at artisten etter at året var omme, kunne krevje vanleg etterskotvis likning ved å sende inn sjølvmelding, jf. proposisjonen avsnitt 2.3. Under høyringa gjekk Skattedirektoratet og Fylkesskattesjefenes forening mot at det skulle opnast for likning av einskilde som leverer sjølvmelding, jf. proposisjonen avsnitt 2.4.4. Framlegget til departementet følgde dei nemnde uttalene under høyringa, jf. proposisjonen avsnitt 5.2.5.

Departementet la i Ot.prp. nr. 1 (2005-2006) avsnitt 9.5.3 til grunn at det manglande høvet for artisten til å kunne krevje vanleg etterskotvis likning skapte uvisse om artistskattelova stemnde med dei norske pliktane etter EØS-avtala. Departementet foreslo derfor at det vart innført høve for utanlandske artistar frå andre EØS-statar til å velje mellom skattlegging etter artistskattelova og skattlegging etter dei alminnelege reglane om skattlegging av avgrensa skattepliktige ved etterskotvis likning. Departementet rekna ikkje framlegget for å gjere det naudsynt med endringar i reglane som gjeld på tidspunktet då skatten blir trekt. Det vil seie at artistskatt framleis skulle trekkjast så lenge artisten ikkje var busett i Noreg. Først ved ei eventuell etterskotvis likning blir artistskatt som er trekt, gjort om til forskot på skatt etter skattebetalingslova. Framlegget blei vedteke ved lov 9. desember 2005 nr. 111.

Formålet med artistskattelova er å få skattlagt artistar som er med i arrangement med avgrensa varigheit i Noreg utan å busetje seg her, jf. Ot.prp. nr. 77 (1995-96) avsnitt 2.1 og 2.2. Likevel vil lova i nokre tilfelle gjelde for artistar som etter kvart busett seg i Noreg. Dette kjem av at artistskatt i det året artisten berre har avgrensa skatteplikt til Noreg, i utgangspunktet blir rekna for endeleg.

Ein person vil ha avgrensa skatteplikt til Noreg fram til det inntektsåret då han har vore her meir enn 270 dagar i eit tidsrom på 36 månader eller 183 dagar i eit tidsrom på 12 månader, jf. skattelova § 2-1 andre ledd. Ein person som flytter til Noreg etter 1. juli eit år og ikkje har vore her tidlegare, vil derfor ha avgrensa skatteplikt heile det året då han flytta hit. Han blir skattemessig busett i Noreg først året etter.

Ei skattlegging etter artistskattelova av ei brutto inntekt etter ein flat og etter måten låg sats kan etter høva gi ei mildare skattlegging enn skattlegging av nettoinntekta etter progressive reglar. Dette gjeld særleg i tilfelle der artisten i røynda er ein vanleg lønsmottakar og ikkje sjølv ber vesentlege kostnader ved verksemda. Departementet ser det som uheldig at somme skattytarar ved flytting til Noreg skal ha høve til å bli skattlagde mildare enn andre som blir skattemessig busett i Noreg.

Ved at utanlandske artistar frå andre EØS-statar fekk høve til å krevje etterskotsvis likning etter dei alminnelege reglane om skattlegging av avgrensa skattepliktige, blei det opna for at artist-skatten kan bli omgjort til forskot på skatt etter skattebetalingslova i høve til avgrensa skattepliktige. Då er det ingen tunge likningstekniske grunnar for at artistar som blir skattemessig busett i Noreg, ikkje skal bli skattlagde etter dei alminnelege reglane om skattlegging av avgrensa skattepliktige fram til dei blir skattemessig busett i Noreg, på same måte som andre innflyttarar.

Departementet foreslår etter dette at artistskattelova § 1 andre ledd første punktum blir endra slik at artist som blir skattemessig busett i Noreg, blir skattlagt etter dei alminnelege reglane om skattlegging av avgrensa skattepliktige for inntektsåret før det året vedkommande blei skattemessig busett i Noreg.

Departementet foreslår at endringa trer i kraft straks og får verknad frå og med inntektsåret 2007. Det vil seie at artistar som blir skattemessig busett i Noreg i 2008 og seinare, vil bli likna etter dei alminnelege skattereglane for avgrensa skattepliktige for inntektsåret før.

Utanlandske artistar som blir skattlagde etter artistskattelova, er fritekne for plikta til å levere sjølvmelding, jf. § 6 i forskrift gitt av Skattedirektoratet 16.02.2001 nr. 155 om selvangivelsesfritak for visse grupper skattytere. Når ein utanlandsk artist går over frå å bli skattlagd etter artistskattelova til å bli skattlagd etter dei alminnelege reglane i skattelova, fell han utanfor fritaket. Etter framlegget til departementet vil det vere tilfelle der høva som gjer at ein utanlandsk artist får plikt til å levere sjølvmelding, ikkje ligg føre når den vanlege fristen for å levere sjølvmelding går ut. Departementet vil be Skattedirektoratet vurdere denne sida av endringa i artistskattelova og gjere endingar i forskrifta si om dette er naudsynt.

Formålet med framlegget om endringer i artistskattelova er at artistar som busett seg i Noreg, skal bli skattlagde på lik line med andre som busett seg i Noreg. Det vil i mange tilfelle føre til at den artistskatten som er trekt, ikkje dekkjer den utlikna skatten. Departementet vil vurdere om dei krava på restskatt som dette fører til, gjer det naudsynt å tilpasse reglane om forskotstrekk. Eit alternativ kan vere å bruke dei alminnelege reglane om forskotstrekk når det ved utbetalinga ligg føre omstende som gjer det klart at artisten vil bli likna etter dei alminnelege skattereglane.

Forslaget vil ha ein svært begrensa provenyverknad.

Gjeldande ordning for arbeidsgivaravgift og trygdeavgift vil mellombels bli ført vidare.

Dette inneber at skatt etter artistskattelova, når han blir endeleg, skal reknast å omfatte trygde-

avgift. Dersom artisten blir likna etterskottsvis, vil det derimot bli utrekna trygdeavgift etter dei alminnelege reglane på den inntekta som går inn i personinntekta, også inntekt kunne inn før det tidspunktet då vilkåra for busetting etter skatteloven § 2-1 anna ledd blei oppfylt.

I samsvar med framlegget i Ot.prp. nr. 77 (1995-96) avsnitt 5.2.7, har løn og anna godtgjering til artistar som har skatteplikt etter artistskattelova ikkje utløyst plikt til å svare arbeidsgivaravgift. Dette følgjer av at det er gitt fritak frå plikta etter likningslova § 6-2 til å melde frå om løn o.a. som er skattepliktig etter artistskattelova, jf. § 1 nr. 1 siste setning i forskrift 19.11.1990 nr. 932 til likningslova. Dei meldingane o.a. som det er plikt til å sende etter artistskattelova, blir følgjelig ikkje rekna som «innberetning» i høve til føresegna om avgiftsplikt i folketrygdlova § 23-2 første ledd første punktum.

Når ein artist blir rekna for busett i Noreg, jf. skattelova § 2-1 andre ledd, skal spørsmålet om plikt til å svare arbeidsgivaravgift vurderast etter dei alminnelege reglane. Avgiftsplikta for ytingar til artistar vil – på vanleg måte – frå dette tidspunktet i utgangspunktet avhenge av om det ligg føre plikt til å melde frå om løn o.a. etter likningslova § 6-2. Departementet legg til grunn at den verkna den bakover i tid (før frå den dagen då vilkåra i skattelova § 2-1 andre ledd blir oppfylte) for skattlegginga av artisten, som følgjer av dei foreslåtte endringane i artistskattelova § 1 andre ledd, ikkje gjeld for plikta til å melde frå om løn o.a. etter likningslova og å svare arbeidsgivaravgift.

Departementet vil ved eit seinare høve vurdere om plikta til å melde frå om løn o.a. og til å svare arbeidsgivaravgift også skal gjelda tilbake i tid, på same måte som for skattlegginga av artisten.

5 Pantsetting og overdraging av krav på utbetaling etter petroleumsskattelova § 3 c femte ledd – stillinga til panthavar under ei konkursbehandling

5.1 Innleiing

Med verknad frå og med inntektsåret 2007 blei det mogleg å pantsette og overdra krav på utbetalningar etter petroleumsskattelova § 3 c femte ledd. Finansdepartementet legg fram forslag om ei presisering av lova slik at panthavar si stilling er sikra også under ei konkursbehandling.

5.2 Gjeldande rett

Etter petroleumsskattelova § 3 c femte ledd femte til åttande punktum og ny skattebetalingslov (lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)) § 10-1 tredje ledd kan krav på utbetaling av skatteverdien av undersøkingkostnader etter skattelova § 3 c femte ledd, pantsettast eller overdragast. Dette inneber eit unntak frå det som elles gjeld på skatte- og avgiftsområdet sidan skattebetalingslova § 32 a ikkje tillet slik pantsetting eller overdraging. Moglegheita til å pantsette eller overdra utbetalingskravet på kostnader til undersøking blei innført i samanheng med endringa av skattereglane for finansielle inntekter og kostnader for oljeselskapa med verknad frå og med inntektsåret 2007.

Krava på utbetaling etter § 3 c femte ledd refererer seg til skatteverdien av direkte og indirekte kostnader (med unntak av finanskostnader) til undersøking etter førekomstar av petroleum. Slik utbetaling kan krevjast i tilknytning til den årlege likninga. Kostnader til undersøking kan òg framførast til frådrag i framtidig inntekt etter petroleumsskattelova § 3 c andre ledd. Vidare kan overføring og utbetaling av denne skatteverdien krevjast etter petroleumsskattelova § 3 c tredje og fjerde ledd. Det vil seie som ledd i opphøyr og realisasjon eller fusjon av verksemda. Slike utbetalningar kan ikkje pantsettast eller overdragast.

5.3 Departementet sine vurderingar og forslag

Departementet er av aktørar på sokkelen og enkelte bankar blitt gjort merksam på at ordninga med pantsetting ikkje fullt ut har fungert som forventet. Dette er på grunn av at bankane har reist tvil om verdien av pantet dersom skattyteren blir tatt under konkursbehandling. Dei fryktar at konkursbuet i tilfelle kan sjå vekk frå avtala mellom banken og skattyteren om pantsetting og i staden overdra underskotet etter ordninga i petroleumsskattelova § 3 tredje ledd, eller krevje utbetalt skatteverdien av underskotet etter ordninga som omhandla i petroleumsskattelova § 3 c fjerde ledd.

Departementet har kome til at det er behov for å presisere i petroleumsskattelova at det ikkje er meininga at eit konkursbu skal kunne overdra underskot som refererer seg til kostnader som omhandla i petroleumsskattelova § 3 c femte ledd etter regelen i tredje ledd eller krevje utbetaling etter fjerde ledd, når utbetalningar etter femte ledd er pantsett. Er krav på utbetaling som omhandla i § 3 c femte ledd pantsett eller overdratt, foreslår departementet at det går fram av lova at ei anna behandling av slike kostnader krev samtykke frå panthavar. Departementet viser til forslaget til nytt niande punktum i petroleumsskattelova § 3 c femte ledd.

5.4 Framlegg frå enkeltsselskap om utviding av høvet til pantsetting mv.

Som nemnd under avsnitt 5.2 blei det i samanheng med endringane for finansielle postar gitt høve til å pantsette eller overdra krav på utbetaling frå staten av skatteverdien av årets kostnader til undersøking. I samband med høyringa om lovframlegget med omsyn til finansielle postar påpeikte mellom anna OLF, Revus m.fl., samt enkeltsselskap at omlegginga vil medføre ei skatteskjerpning for leite- og utbyggingsaktivitet særleg for nye aktørar på

sokkelen. Ved framlegging av lovendringa, jf. Ot. prp. nr. 1 (2006-2007), påpeikte departementet at omlegginga kunne medføre ei mindre innstramming for nye aktørar som berre har leite- og utbyggingsaktivitet.

Storleiken på innstramminga blei vurdert å utgjere om lag tre prosent av prosjektverdien etter skatt. Bakgrunnen for innstramminga var at dei tidlegare skattereglane for finansielle postar kunne medføre ei utilsikta skattefavourisering for aktørar med framførbart underskot. Med dei nye skattereglane vil noverdien av skattefrådraget for finansielle postar i lita grad påverkast av skatteposisjon, og dermed sikre større grad av skattemessig likestilling mellom nye og etablerte aktørar. Departementet gjorde samtidig med endringane for finansielle postar framlegg om å gje høve til å pantsette kravet på refusjon frå staten av skatteverdien av kostnader til undersøking. Dette kan gje nye, små aktørar betre finansieringsmoglegheiter og lavare lånekostnader som følgje av redusert risiko for lån-gjevar.

I seinare møte med Finansdepartementet og i høyringsbrev til framlegg om forskrift for finansielle postar har Pertra, Eon-Ruhrgas, Noreco og Revus igjen påpeika at omlegginga vil medføre ei skatteskjerpning særleg for aktørar i oppbyggingsfasa. Selskapa ber departementet foreta ei snarleg vurdering av endringane, og peikar i høyringsbrevet på overføring av underskot frå oljeprissikring mv. frå land til sokkel og utviding av panteordninga

for skattemessig refusjon av kostnader til undersøking.

Etter departementet si vurdering er den mindre innstramminga knytt til ei utilsikta skattefavourisering i dei tidlegare reglane, jf. Ot. prp. nr. 1 (2006-2007). Med dei nye reglane vil ein ha om lag den same skatteverdien av frådraget for rentekostnader mv. for nye aktørar som for dei etablerte. Etter departementet sitt syn er det ikkje ønskjeleg å kompensere for ein utilsikta skattefordel i tidlegare reglar, og det er ikkje formålsteneleg med ei snarleg vurdering av skattereglane for rentekostnader mv., eller dei andre forslaga som selskapa peikar på.

5.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet legg til grunn at forslaget ikkje har nemneverde økonomiske eller administrative konsekvensar.

5.6 Når endringane tek til å gjelde

Departementet føreslår at lovendringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2007. Det vil seie at endringa får verknad for krav på utbetalingar som gjeld kostnader til undersøking pådratt frå og med inntektsåret 2007.

6 Endringar i meirverdiavgiftslovgjevinga

6.1 Striptease og meirverdiavgift

6.1.1 Innleiing

Dom av 4. desember 2006 frå Borgarting lagmannsrett i saka Den Blue Engel mot staten gjaldt spørsmålet om det skal leggjast meirverdiavgift på inngangsbilletter til stripteaseframсыningar. Lagmannsretten kom til at striptease er omfatta av det såkalla «kulturunntaket» i meirverdiavgiftslova § 5b første ledd nr. 5, og at inngangsbilletter derfor kan seljast utan meirverdiavgift.

Finansdepartementet er ikkje einig i den rettsstilstand som vert verknaden av dommen frå lagmannsretten, men fann likevel at ei anke til Høgsterett ikkje var den mest eigna vegen å gå for å få slått fast at ein skal betale meirverdiavgift på inngangsbilletter til slike framсыningar.

Det er tidlegare varsla at det i staden vil verte sett i gang eit arbeid med å klargjere meirverdiavgiftslova på dette området. Departementet legg på denne bakgrunn fram eit forslag til lovendring i meirverdiavgiftslova § 5b første ledd nr. 5 der det klart går fram at det skal betalast meirverdiavgift for tenester i form av rett til å oververe striptease. Departementet føreslår òg at det skal betalast meirverdiavgift ved formidling av slike tenester.

6.1.2 Gjeldande rett

Då ein i samband med meirverdiavgiftsreforma i 2001 innførte generell avgiftsplikt på tenester vart det på same tid gjort enkelte unntak. For tenesteområde innanfor kultur- og underhaldningssektoren vart det i NOU 1990:11 (Storvikutvalet) opphavleg lagt fram forslag om å berre gjere unntak for tenester i form av rett til å oververe teater-, opera- og ballettframсыningar. Grunngevinga var at dette er tenesteområde som i særleg grad får offentleg støtte og avgiftsgrunnlaget ved billettsetlet vert derfor langt lågare enn verdien av den tenesta som vert omsett. Avgiftsplikt med motsvarande frådragsrett ville derfor gi eit negativt proveny til statskassa. Ut frå omsynet til likskap og for å unngå vanskelege avgrensingsspørsmål valde likevel Regjeringa Stoltenberg òg å la mellom anna utstillingar i galleri og museum, konsertar og

idrettsarrangement vere omfatta av unntaket. For ein nærare omtale av grunngevinga vert det vist til Ot.prp. nr. 2 (2000-2001) Merverdiavgiftsreforma 2001. Stortinget utvida unntaket ytterlegare, slik at det òg omfattar sirkusframсыningar, fornøyelsesparkar og opplevelsessentra. Sjø Innst.O. nr. 24 (2000-2001).

S striptease vart ikkje eksplisitt teke inn i lovteksten, og det finst heller inga fråsegn i forarbeida som kan gi sikker rettleiing ved tolkinga av om slike framсыningar er omfatta av unntaket i meirverdiavgiftslova § 5b første ledd nr. 5. I saka Den Blue Engel mot staten, byggjer lagmannsretten likevel på nokre vage fråsegn i forarbeida og konkluderer med at striptease er omfatta av unntaket, med den følge at det ikkje skal leggjast meirverdiavgift på inngangsbilletter til slike framсыningar. Som nemnt deler ikkje departementet denne forståinga av lova og forarbeida. For å klargjere lovføresegna i ønskjeleg retning føreslår departementet derfor ei lovendring.

6.1.3 Departementet sine vurderingar og forslag

Departementet legg til grunn at det i utgangspunktet ikkje vil vere problematisk å klargjere innhaldet i omgrepet striptease. Omgrepet vil etter ei språklig forståing klart omfatte det ein kan kalle tradisjonelle strippeshow. Dette vil vere dei showa der avkledinga og fokuseringa på denne er det sentrale element, og som gjennomgåande vil gå føre seg i ein strippeklubb. Avkledinga si form og den kunstnariske kvaliteten på framføringa vil vere utan relevans ved vurderinga av om eit show er omfatta av omgrepet. Departementet peiker vidare på at omgrepet knyttar seg til showet sin art og ikkje til lokalet eller scenen der showet finn stad. Omgrepet vil såleis også omfatte dei større og gjerne omreisande showa som til dømes Chippendales som arrangerer sine show i ulike lokaler og på ulike scener.

På den andre sida finn departementet det like klart at eit teaterstykke eller liknande som også inneber nokre nakenscener eller tilfelle av avkleding som ledd i ein større samanheng eller histo-

rieforteljing, etter ei språklig forståing ikkje er omfatta av omgrepet striptease. Eksempel på dette kan vere framsyninga «I blanke messingen» eller ei eventuell oppsetjing av filmen «Striptease». Slike framsyningar vil framleis vere omfatta av unntaket i første punkt i føresegna og det skal derfor ikkje betalast meirverdiavgift på tenester i form av retten til å oververe slike framsyningar.

Mellom desse klare typetilfella som på den eine sida klart vil vere omfatta av omgrepet striptease og på den andre sida like klart ikkje vil vere omfatta av omgrepet, vil det finnast grensetilfelle som kan gi opphav til tolkingstvil. Departementet legg til grunn at ei nærare avgrensing av omgrepet striptease vil verte fastlagt gjennom praksis.

Departementet føreslår at også formidling av slike tenester som her er omtalt, vert gjort avgiftspliktig. Det vert vist til forslag til lovendring.

6.1.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Lovendringa som departementet føreslår, vil gi ei forenkling for mange næringsdrivande. Klubbane som arrangerar striptease vil gjennomgåande også drive sal av til dømes alkoholhaldig drikke og vil derfor allereie vere registrert i avgiftsmanntalet for si vareomsetning. Som følgje av dommen frå Borgarting lagmannsrett har desse klubbane delt verksemd, og må fordele inngåande avgift på dei varer og tenester som er til felles bruk i avgiftspliktig og ikkje avgiftspliktig verksemd. Denne fordelingsproblematikken vil forsvinne som følgje av at striptease vert gjort avgiftspliktig.

På ei anna side vil lovendringa kunne medføre at det oppstår ein fordelingsproblematikk for enkelte aktørar, eksempelvis teater/revyscene/konserthus som gjennomgåande set opp avgiftsunntekne framsyningar, dersom desse frå tid til anna også viser avgiftspliktig striptease. Tilsvarende vil gjelde for formidlarar av desse showa.

6.1.5 Når endringane tek til å gjelde

Departementet føreslår at lovendringa tek til å gjelde frå 1. juli 2007.

6.2 Meirverdiavgiftslova § 28 fjerde ledd - praksis knytt til sletting i meirverdiavgiftsmanntalet ved heving av registreringsgrensa

Etter meirverdiavgiftslova § 28 første ledd skal næringsdrivande registrerast i meirverdiavgifts-

manntalet når dei har omsetning og avgiftspliktig uttak av varer og tenester som til saman overstig 50 000 kroner i løpet av ein periode på 12 månader. Grensa for registrering blei sist heva frå 30 000 kroner til 50 000 kroner med verknad frå 1. januar 2004.

Det følgjer vidare av meirverdiavgiftslova § 28 fjerde ledd at ein registrert verksemd skal stå i manntalet i minst to heile kalenderår etter at omsetning og uttak har kome under grensa for registrering. Når det skal avgjerast om dette vilkåret er oppfylt, skal «den beløpsgrense som er nevnt i første ledd» leggjast til grunn. I det ligg at det er den til ein kvar tid gjeldande beløpsgrensa i første ledd som skal leggjast til grunn ved slettinga.

Departementet ser at ordlyden i fjerde ledd er mogleg å forstå slik at det er beløpsgrensa då omsetninga fant stad som avgjer kva for eit tidspunkt lova si frist for sletting i avgiftsmanntalet går ut i frå. Det kan føre til ein feil forventing om kor lenge ei verksemd kan bli ståande registrert i avgiftsmanntalet. Dette kan særskild ha noko å seie for små verksemdar, då dei ofte får meirverdiavgift tilbakebetalt frå staten fordi den inngåande meirverdiavgifta dei har frådragsrett for overstig utgåande meirverdiavgift. Det er i samband med heving av grensa for registrering at denne problemstillinga oftast vert tatt opp.

Det er derfor ønskeleg å presisere i lova at det er den til ein kvar tid gjeldande beløpsgrensa i første ledd som skal leggjast til grunn ved slettinga. Dette er i samsvar med eit skriv frå Sivilombudsmannen om saka.

Departementet føreslår å endre ordlyden i meirverdiavgiftslova § 28 fjerde ledd. Endringa trer i kraft straks. Som det er gjort merksam på er forslaget ei presisering av gjeldande rett, og vil såleis ikkje ha provenyverknader.

6.3 Utsetjing av oppgave- og betalingsfristen for tredje termin meirverdiavgift

Ved lovendring 15. desember 2006 nr. 73 blei oppgave- og betalingsfristen for tredje termin meirverdiavgift utsett med 10 dagar, det vil seie frå 10. august til 20. august. Endringa blei gjort for at det skulle bli lettare for rekneskapsførarane å ta sommarferie og oppnå kontakt med kundane sine før fristen er ute. Ved behandlinga av lovforslaget bad finanskomiteen i B.innst.S. nr. 1 (2006-2007) pkt. 2.2.9 og Innst.O. nr. 10 (2006-2007) punkt 20.2 regjeringa om å vurdere om fristen bør utsettast med ytterlegare 10 dagar, jf. merknad om dette i

høyeringa frå blant anna Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening.

For å imøtekomme rekneskapsførarane behov føreslår departementet at tredje termin meirverdiavgift blir utsett frå 20. august til 31. august. Departementet viser til forslag til endring i meirverdiavgiftslova § 33 første ledd andre punktum. Departementet føreslår at endringa tek til å gjelde straks, slik at fristen blir utsett med verknad alt frå 2007. Dette vil medføre eit tap av renteinntekter for staten på 25 millioner kroner.

6.4 Arbeid med endring av reglane om frådrag for inngåande meirverdiavgift

Departementet arbeider med å føreslå endringar i meirverdiavgiftslova § 21 om frådrag for inngåande avgift. Etter meirverdiavgiftslova § 21 kan ein registrert næringsdrivande trekkje frå inngåande avgift på varer og tenester som blir brukt i den avgiftspliktige verksemda. Frådragsretten står sentralt i meirverdiavgiftssystemet og inneber at meirverdiavgifta ikkje skal vere ein kostnad for dei ein-skilde salsledda, men vil bli belasta ved endeleg forbruk.

Spørsmålet om rekkjevidda av meirverdiavgiftslova § 21 har sidan 1970 vore behandla av Høgsterett fire gonger. Høgsterett har slått fast at dei avgiftspliktige etter meirverdiavgiftslova § 21 har krav på frådrag for inngåande avgift på varer og tenester som er relevante for og har ei nær og naturleg tilknytning til den avgiftspliktige verksemda.

I tida etter at Høgsterett behandla den siste saka om frådragsretten i 2005 (Rt 2005 side 951 – Porthuset) har forvaltninga og tingrettane behandla ei rad saker som gjeld spørsmål om frådragsretten etter meirverdiavgiftslova § 21. I praksis har det vist seg at det framleis er spørsmål om kor grensene for frådragsretten går, og verken praksis frå domstolane eller frå forvaltninga har vore einsarta.

Spørsmålet om grensene for frådragsretten er særleg aktuelt for verksemder som både driv med avgiftspliktige og avgiftsfrie aktivitetar (såkalla delte verksemder). Døme på dette er golfbaner som både driv med avgiftspliktig kiosk- og reklamesal og avgiftsfritt sal av retten til å spele på golfbanen. I fleire tilfelle har det vore fremma krav om

frådrag for kostnader til drift og vedlikehald av sjølve golfbanen med den grunngevinga at banen har ei nær og naturleg tilknytning til det avgiftspliktige kiosk- og reklamesalet. Dei avgiftspliktige har mellom anna halde fram at det ikkje hadde vore kiosk- og reklamesal dersom kiosken og reklamen ikkje hadde vore ein del av golfanlegget.

Mange av verksemdene som både har avgiftspliktige og avgiftsfrie aktivitetar driv innanfor kultur- og idrettsområdet. Bakgrunnen for dette er at det innanfor kultur og idrett er omfattande unntak frå meirverdiavgiftsplikta, og unntaka skapar mange grensespørsmål som gjer det vanskeleg å praktisere frådragsreglane. Unntaka er også meir omfattande enn det som er vanleg i andre land i EØS-området. Stortinget er derfor fleire gonger varsla om at departementet vil gå igjennom reglane for meirverdiavgift på kultur- og idrettsområdet. Spørsmålet blei mellom anna omtala i Ot.prp. nr. 1 (2004-2005) i samband med innføringa av meirverdiavgift for kino- og filmbransjen og i St. meld. nr. 22 (2004-2005) Kultur og næring. Regjeringa Bondevik II varsla ein gjennomgang av meirverdiavgift på kulturområdet i samband med budsjettet for 2006. Ved kgl. res. 1. desember 2006 blei det sett ned et utval som skal vurdere ei utviding av meirverdiavgiftsgrunnlaget på kultur- og idrettsområdet, og utvalet vil levere sin rapport innan utløpet av 2007.

Sjølv om avgiftsgrunnlaget for verksemder innan kultur og idrett blir utvida og mange av problema for slike verksemder blir løyst, vil det framleis vere mange tenester som ikkje er avgiftspliktige. Ein må derfor leggje til grunn at det også i framtida vil oppstå mange grensespørsmål som gjeld retten til frådrag for delte verksemder. Det store talet på klagesaker og rettsaker viser etter departementet sitt syn at det er nødvendig å lage klarare reglar om frådragsretten for inngåande avgift. Departementet har derfor sett i verk arbeid med å vurdere endring av reglane om frådrag for inngåande avgift i meirverdiavgiftslova § 21. Målet med arbeidet er å få reglar som er enklare å praktisere og som minskar talet på tvistar som gjeld frådragsretten. Når det gjeld verksemder som både har avgiftspliktige og avgiftsfrie aktivitetar, vil departementet også vurdere behovet for å stramme inn regelverket i høve til det som er gjeldande rett i dag.

Departementet tek sikte på å komme tilbake til saka i samband med budsjettet for 2008.

7 Endring i lov 12. desember 2003 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.

Frå 1. januar 2004 er det innført ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift i kommunesektoren. Den generelle kompensasjonsordninga er heimla i lov. 12 desember nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv.

Som det følgjer av omtala i St.meld. nr. x (2006–2007) Revidert nasjonalbudsjett 2007 vil Regjeringa ikkje føreslå større endringar i kompensasjonsordninga. For å sørge for at ordninga fungerer mest mogleg smidig, vil ein fram mot statsbudsjettet for 2008 likevel vurdere behovet for justere føresegna om forelding av kompensasjonskrav og justering av kompensert meirverdiavgift.

Etter departementet si vurdering er det òg ønskeleg å lette arbeidspresset for mellom anna revisorane ved innleveringa av kompensasjonsoppgåve for tredje periode (mai og juni). Dette krev berre ei mindre endring av kompensasjonslova. Departementet føreslår derfor at kompensasjonslova § 7 første ledd vert gitt eit nytt andre punktum der det går fram at fristen for innlevering av kompensasjonsoppgåve for tredje periode er 20. august. Når fristen for innlevering av kompensasjonsoppgåva for tredje periode vert forlenga, vert også fristen for utbetaling av kompensasjon etter kompensasjonslova § 9 forlenga.

Departementet føreslår at endringa tek til å gjelde frå 1. juli 2007.

8 Oppretting av lovtekst

8.1 Skattelova § 5-15 første ledd bokstav e nr 2

Etter skattelova § 5-15 første ledd bokstav e nr 2 er «ytelse etter § 7 annet ledd i forskrift av 28. februar 1975 nr. 4 om stønad til sjømenn i utenriksfart» skattefri. Forskrifta det her blir vist til er oppheva, og det er ikkje fastsett noko anna forskrift som erstattar den oppheva.

Dagpengar under arbeidsløyse var i prinsippet skattepliktig inntekt fram til ordninga med forskottstrekk blei innført i 1957, men den utlikna skatten blei i stor utstrekning ettergitt av omsyn til kva som var rimeleg. Sidan skattlegging av desse ytingane var lite praktisk, blei det i 1957 innført eit generelt skattefritak for dagpengar under arbeidsløyse. I forbindelse med at folketrygda sine ytingar under arbeidsløyse blei lagt om med verknad frå og med 1980, blei dagpengar under arbeidsløyse igjen skattepliktige ved lov 21. desember 1979 nr 65.

Skattefritaket for dagpengar til sjøfolk blei likevel ståande igjen som ein særregel. Årsaka til dette var at det gjaldt særordningar knytt til både utmåling og utbetaling av dagpengar til sjøfolk, og at det i den samanhengen blei vurdert som uensiktsmessig å innføre skatteplikt for slike dagpengar. Ein kom derfor til at sjøfolks dagpengar inntil vidare burde vere skattefrie, sjølv om skatteplikt blei innført for dagpengar elles, jf. Ot.prp. nr. 21 (1979-80) pkt. 2.3.1.

Bortsett frå denne lovregelen gjeld det nå ikkje lenger nokre særreglar om dagpengar til sjøfolk. Det blir ikkje utbetalt egne dagpengar til sjøfolk som oppheld seg i utlandet. Sjøfolk mottar nå dagpengar på linje med andre arbeidstakarar, etter reglane i folketrygdlova kapittel 4 og forskrift om dagpengar under arbeidsløyse 16. september 1998 nr. 890. Når dagpengar blir utbetalt til ein norsk arbeidssøkjjar i eit anna EØS-land, utbetalast det av myndighetene i opphaldslandet, som kan få refusjon av den norske arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV). Dette blir meldt inn og skattlagt på same måte som om det blei utbetalt direkte frå NAV.

På denne bakgrunn legg departementet til grunn at lovregelen om skattefritak for yting etter § 7 anna ledd i forskrift av 28. februar 1975 nr. 4 om

stønad til sjømenn i utanriksfart, i praksis må reknast for å vere falt bort.

Departementet foreslår følgeleg at skattelova § 5-15 første ledd bokstav e nr. 2 blir oppheva, og at regelen i § 5-15 første ledd bokstav e nr. 3 blir nr. 2. Ein viser til utkast til endring i skattelova § 5-15 første ledd bokstav e. Forslaget medfører inga realitetsendring. Det blir foreslått at endringa trer i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2007.

8.2 Skattelova § 14-72 første ledd tredje punktum

Skattelova § 14-72 første ledd tredje punktum seier at departementet i føresegn kan gi reglar til presisering og avgrensing av området for reinvestering etter anna og tredje punktum. Rett tilvising skal vere til første og anna punktum.

Feilen oppsto ved overføring av lovføresegna i § 14-70 anna til fjerde ledd til § 14-72 første ledd ved lov av 15. desember 2006 nr. 81, jf. Ot. prp. nr. 1 (2006-2007) avsnitt 14.3. Føresegna i § 14-70 gjeld vilkårsbundne skattefritak ved ufrivillige realisasjonar. Då frivillig innløyning av festa tomt òg kom inn under ordninga med vilkårsbundne skattefritak, var det høveleg at alle realisasjonar av festa tomter vart lagde til ein eigen paragraf i skattelova. Overføringa av lovføresegna i § 14-70 anna til fjerde ledd til § 14-72 første ledd fann likevel stad utan at det vart teke omsyn til at talet setningar føre tredje punktum vart redusert etter overføringa.

Departementet foreslår at skattelova § 14-72 første ledd vert endra såleis at tredje punktum viser til første og anna punktum.

8.3 Skattelova § 2-30 første ledd bokstav m

Etter skattelova § 2-30 første ledd bokstav m har Stiftelsen boligsamvirkets fond mot husleietap skattefritak. Stiftinga endra 8. desember 2005 namn til Stiftelsen borettslagenes sikringsfond.

Departementet foreslår å endre skattelova § 2-30 første ledd bokstav m, slik at føresegna blir i

samsvar med den omtalte namneendringa. Namneendringa blei gjort i 2005, og ein foreslår derfor at lovendringa skal ta til å gjelde straks, med verknad frå og med inntektsåret 2005.

Ein viser til forslag til endring av skattelova § 2-30 første ledd bokstav m.

8.4 Skattelova § 6-32 første ledd

I samband med skatteopplegget for 2007 blei satsen for minstefrådraget auka frå 34 til 36 pst. i lønnsinntekt, og frå 24 til 26 pst. i pensjonsinntekt. Desse satsane er regulert i skattelova § 6-32 første ledd.

Utforminga av skattelova § 6-32 blei revidert i forbindelse med skatteopplegget for 2006, jf. Ot.prp. nr. 26 (2005-2006) kapittel 2. Ved ein inkurie blei lovteksten slik den lydde før revisjonen nytta då satsane blei justert i skatteopplegget for 2007. Departementet foreslår såleis å endre føresegna si ordlyd tilbake til slik den lydde for inntektsåret 2006, men med dei satsar som blei vedteke i samband med skatteopplegget for 2007.

Departementet viser til forslag til endring av skatteloven § 6-32 første ledd.

8.5 Skattelova § 5-40 fjerde ledd

Ved lov av 15. desember 2006 nr. 81 blei skattelova § 5-40 fjerde ledd endra. Denne føresegna er ei vidareføring av reglane i § 5-40 sjette ledd som samstundes blei oppheva. I sjette ledd var det vist til utbetalingar som «*ikke er skattepliktig for mottaker etter § 12-2*». I samband med endringa kom tilvisinga til § 12-2 ikkje med i fjerde ledd. Departementet foreslår at dette blir retta opp. Departementet viser til forslag til endring i skattelova § 5-40 fjerde ledd. Departementet foreslår at endringa blir sett i kraft straks, med verknad frå og med inntektsåret 2007.

8.6 Skattelova § 2-1 åttande ledd

Ved forslag lagt fram i Ot.prp. nr. 1 (2006-2007) blei skattelova § 2-1 åttande ledd første punktum om skattemessig bustad for visse offentlege tenestemenn endra slik at ordlyden skulle vere i samsvar med det som vart vedteke i lov om utanrikstenesta 3. mai nr. 13 2002. Samstundes vart føresegna om skattemessig bustad for personar som er omfatta av utanrikstenestelova oppheva. Ved ein inkurie falt andre punktum i skatteloven § 2-1 åttande ledd ut av

føresegna. Dette punktumet gjaldt skattemessig bustad for arbeidstakar som tenestegjør i Atlanterhavspaktens organisasjon med fast tenestestad i utlandet. Departementet foreslår derfor at føresegna blir retta i samsvar med tidlegare gjeldande lovtekst og at endringa trer i kraft straks. Ein viser til forslag til endring av skattelova § 2-1 åttande ledd.

8.7 Skattebetalingslova § 21 og § 27 nr. 4

Ved lov 15. desember 2006 nr. 71 blei fristen for å betale tilleggsforskot i skattebetalingslova § 21 og § 27 nr. 4 endra frå 30. april til 31. mai for skattyttarar som ikkje får førehandsutfylt sjølvmelding etter likningslova § 4-7 nr. 2. Vidare blei vilkåret for å innbetale tilleggsforskot i skattebetalingslova § 27 nr. 4 endra som fylgje av at reglane om betaling av førehandsskatt for etterskotspliktige skattyttarar blei endra. Før endringa lydde regelen at desse skattyttarane kunne betale tilleggsforskot når førehandsskatten «*anses utilstrekkelig til å dekke to tredjedeler av den skatt som vil bli utliknet*». Dette blei endra til at førehandsskatten må «*anses utilstrekkelig til å dekke den skatt som vil bli utliknet*». Begge endringane tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

Av tekniske årsaker har det foreløpig ikkje vore mogleg å endre fristen for betaling av tilleggsforskot, og lovendringa er derfor ikkje sett i kraft enno. Den andre endringa – vilkåret for å innbetale tilleggsforskot – burde ha teke til å gjelde straks, men det var ikkje mogleg, fordi då ville òg fristen for tilleggsforskot bli endra.

Departementet foreslår at dette blir retta opp, og viser til forslag til endringar i skattebetalingslova § 21 og § 27 nr. 4.

8.8 Skattebetalingslova § 11 nr. 4 – utviding i reglane om kva for føretak som kan stille garanti for arbeidsgjevar sitt trekkansvar

8.8.1 Innleiing

Det følgjer av lov 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt § 11 nr. 1 at arbeidsgjevaren har plikt til å foreta forskotstrekk i arbeidstakaren si lønn. Det trekte beløpet skal arbeidsgjevaren setje inn på ein eigen skattetrekkkonto etter § 11 nr. 4. I staden for skattetrekkkonto kan det stillast «bankgaranti» for trekkansvar. Finansdepartementet legg fram forslag om at òg andre føretak enn bankar kan stille garanti for trekkansvar.

8.8.2 Gjeldande rett

I og med at skattebetalingslova § 11 nr. 1 nyttar omgrepet «bankgaranti» taler dette for at garantien må vere stilt av ei verksemd som har godkjenning til å drive bankverksemd. Denne tydinga er òg lagt til grunn i kommentarutgåva til skattebetalingslova kor det står: «og garantisten må være en bank, ikke en annen kredittinstitusjon eller lignende.» I SK-melding nr. 12-1992 har Skattedirektoratet gått ut i frå at garantisten må vere ein bank, då lova klårt og eintydig opererer med bank som garantist. Direktoratet uttaler vidare at garantisten må vere ein bank som har godkjenning til å drive bankverksemd i Noreg.

8.8.3 Departementet sine vurderingar og forslag

Departementet har blitt oppmerksom på at andre føretak enn bankar tilbyr garantiar for arbeidsgjevarar sitt trekkansvar, og at slike garantiar har vore akseptert av nokre skatteoppkrevjarar, men ikkje av andre.

Departementet kan ikkje sjå at dei omsyn som gjer seg gjeldande ved val av garantist tilseier at berre bankar bør kunne stille garanti for trekkansvar. Det sentrale er at skatteoppkrevjaren på ein enkel måte kan gjere garantien gjeldande ovanfor ein betalingsdyktig garantist, og at det er minimal risiko for at garantisten ikkje kan eller vil innfri garantien når det er naudsynt. Det er praksis for at garantien skal stillast i form av ein vilkårslaus sjølvskuldnarkausjon.

Ved å tillate garanti frå føretak som nemnt i § 1-4 i lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finasinstitusjoner sikrar ein at desse omsyna blir ivaretatt, og unngår samstundes diskriminering av ulike typar finasinstitusjonar. Etter forslaget vil òg utanlandske finansierings- og kredittinstitusjonar, som har rett til å drive finansieringsverksemd i Noreg etter den nemnde § 1-4 i finansieringsverksemdlova, kunne stille garanti for trekkansvar. Forslaget medfører at skatteoppkrevjaren kan tenkjast å komme i den situasjon at han må gjere ein garanti gjeldande ovanfor ein kredittinstitusjon med hovudsete i ein annan stat innanfor det europeiske økonomiske samarbeidsområdet. Dette fordi kredittinstitusjonar med hovudsete i ein annan stat innanfor EØS-området kan drive grenseoverskridande tenesteyting i medhald av finansieringsverksemdlova § 1-4 nr. 4 og forskrift 7. juli 1994 nr. 0717. For det tilfellet at kredittinstitusjonen då ikkje vil innfri garantien, kan det stillast spørsmål ved om inn-

krevjinga i desse tilfella blir vesentleg vanskeleggjort.

Departementet antek at ein slik situasjon berre heilt unntaksvis vil kunne oppstå. Det er òg slik at i medhald av tollova § 35 og tolløvforskrifta punkt 5.5.3, kan toll- og avgiftsetaten krevje sikkerheit i form av garanti ved søknad om kreditt for toll. Bankar, forsikringsselskap og andre føretak som nemnt i § 1-4 i lov om finansieringsverksemd kan tilby slik garanti. Etter det departementet er kjent med har toll- og avgiftsetaten ikkje opplevd nokre vanskar med å gjere garantiar gjeldande. Departementet kan ikkje sjå at det er grunn til å ha strengare reglar for garanti for trekkansvar.

Departementet viser til forslaget til endringar i skattebetalingslova § 11 nr. 4, som gir alle føretak som har rett til å drive finansverksemd etter finansieringsverksemdlova § 1-4 løyve til å stille garanti for trekkansvar.

Stortinget har vedteke ei ny skattebetalingslov som ikkje er sett i kraft, jf. lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven). Departementet foreslår ei tilsvarende endring i denne lova. Departementet viser til forslaget til endringar i § 5 andre og tredje ledd i den nye skattebetalingslova.

8.8.4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet legg til grunn at dei økonomiske konsekvensane av forslaget er små, og det same vil gjelde dei administrative konsekvensane.

8.8.5 Når endringane tek til å gjelde

Departementet foreslår at lovendinga tek til å gjelde straks.

Finansdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endring i lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter
- lov om endringar i lov 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt
- lov om endringar i lov 10. juni 1966 nr. 5 om toll (tolloven)
- lov om endringar i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift

- lov om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane
- lov om endringer i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endringer i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)
- lov om endringer i lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova)
- lov om endring i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven)
- lov om endring i lov 24. juni 1988 nr. 64 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven)
- lov om endringer i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap
- lov om endring i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdesloven)
- lov om endringer i lov 13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister m.v.
- lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdloven)
- lov om endringer i lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven)
- lov om endringer i lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven)
- lov om endring i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser
- lov om endringer i lov 7. juni 2002 nr. 19 om personnavn (navneloven)
- lov om endringer i lov 12. desember 2003 nr. 108 om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner m.v.
- lov om endring i lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring (bokføringsloven)
- lov om endringer i lov 29. april 2005 nr. 20 om innkreving av underholdsbidrag m.v. (bidrag-sinnkrevingsloven)
- lov om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav (skattebetalingsloven)
- lov om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven)
- lov om endring i lov 15. desember 2006 nr. 72 om endringer i lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver
- lov om endring i lov 15. desember 2006 nr. 85 om endringer i lov 17. juni 2005 nr. 67 om betaling og innkreving av skatte- og avgiftskrav

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om endring i lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter
- lov om endringer i lov 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt
- lov om endringer i lov 10. juni 1966 nr. 5 om toll (tolloven)
- lov om endringer i lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift
- lov om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane
- lov om endringer i lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v.
- lov om endringer i lov 13. juni 1980 nr. 24 om ligningsforvaltning (ligningsloven)
- lov om endringer i lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova)
- lov om endring i lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven)
- lov om endring i lov 24. juni 1988 nr. 64 om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven)
- lov om endringer i lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap
- lov om endring i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdesloven)
- lov om endringer i lov 13. desember 1996 nr. 87 om skatt på honorar til utenlandske artister m.v.
